

Årsrapport

2002

Statens lånekasse
for utdanning



Lånkassen



Utgivar

Statens lånekasse for utdanning

April 2003

Opplag: 3 500

Produksjon

Layout/design: Sissel Sandve

Illustrasjon: Ray Smith

Foto: Jannecke Sanne

Trykk: Nor Grafisk

Innhold

Kort om Lånekassen	5	
Forord	7	
1 Rapport frå styret	8	
Omstilling og fornying	8	
Standardforbetringar i utdanningsstøtta	8	
Samla i eit fornyingsprogram	9	
Auka merksemd rundt utdanning i utlandet	9	
Nettsøknaden blei ein suksess	9	
Fornyng av nettstaden til Lånekassen	10	
Elektroniske utbetalingsrutinar	10	
Nøkkeltal for dei tre siste åra	10	
Oppfølging ved misleghald	14	
Administrativ utvikling i Lånekassen	15	
2 Årsrekneskap for 2002	16	
Resultatrekneskap	16	34
Balanse	17	34
Rekneskapsprinsipp	18	34
Notar	19	36
Revisjonsmelding for 2002	25	37
3 Tildeling av stipend og lån i 2001–2002	26	38
Utdanningsstøtte	26	39
Stipend	27	40
Lån	29	40
Utdanningsstøtte til visse kundegrupper	29	44
		44
		45
		46
		50
		50
		51
		52
		53
		54
		54
		54
		55
		54
		54
		54
		55



02



Kort om Lånekassen

FORMÅL

Formålet med utdanningsstøtta er å medverke til

- å fjerne ulikskap og fremje likestilling slik at utdanning kan bli gitt uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn og økonomisk eller sosial situasjon
- at utdanninga skjer under tilfredsstillande arbeidsforhold, slik at studiearbeidet kan bli effektivt
- å sikre samfunnet tilgang på utdanna arbeidskraft

AKTIVITETAR

- Lånekassen har i alt ca. 700 000 kundar
- I 2001–2002 blei det tildelt ca. tolv milliardar kroner i utdanningsstøtte til ca. 235 000 kundar
- I 2002 blei det tildelt ca. fem milliardar kroner i stipend og ca. sju milliardar kroner i lån
- Talet på tilbakebetalarar er ca. 465 000
- Innbetalt beløp i 2002 er ca. 7,4 milliardar kroner
- Uteståande utdanningsgjeld utgjer i alt ca. 72,7 milliardar kroner
- I 2002 har Lånekassen behandla ca. 647 000 ulike saker om utdanningsstøtte og betalingslette
- Gjennomsnittleg behandlingstid var 11 dagar for saker som gjaldt utdanningsstøtte
- Gjennomsnittleg behandlingstid var 17 dagar for saker som gjaldt betalingslette

ORGANISASJON

- Hovudkontoret for Lånekassen ligg i Oslo
- Lånekassen har regionkontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen og Stavanger
- Lånekassen har brukt ca. 340 årsverk. Ca. 240 er ved hovudkontoret, og ca. 100 er ved regionkontora utanfor Oslo
- Driftskostnadene for Lånekassen var på 262,6 millionar kroner, og av dette var 129,7 millionar netto lønnskostnader
- Ca. to tredelar av dei tilsette har høgare utdanning
- Ca. to tredelar av arbeidsstokken er kvinner





...gjere utdanning mogleg

Det er ei målsetjing for utdanningspolitikken at Noreg skal vere ein leiande kunnskapsnasjon. Ansvar er delt mellom den enkelte og samfunnet. Kunnskap er i aukande grad nødvendig for å oppfylle samfunnet sine målsetjingar. Den offentlege tilrettelegginga for bygging av kunnskap har fått meir å seie for samfunnet. Hovudoppgåva for Lånekassen er å vere den sentrale eininga for finansiering av livsopphald, læremiddel og skolepengar til elevar og studentar under utdanninga. Samtidig er Lånekassen ein del av ein større offentlig infrastruktur. Andre sentrale aktørar er skolar og lærestader. For Lånekassen er det viktig å samarbeide med dei andre einingane på ein måte som gir dei beste løysingane for dei utdanningssøkjande og for samfunnet.

Derfor skjerpar vi blikket for korleis vi utfører samfunnsoppgåva vår. Merksemda er retta mot både samtida og mot dei utfordringane verksemda vil stå overfor i åra framover. Behova til samfunnet og brukarane skal vere styrande for aktivitetane og står sentralt i det omstillingsarbeidet som er sett i gang internt i verksemda.

Lånekassen er ein faginstans innanfor sitt verkeområde og samtidig ein produsent av mange enkeltvedtak. Og nettopp denne direkte koplinga mellom kunnskap og kundekontakt meiner vi gir gode synergjar og dei beste vilkåra for politisk styring, fleksibilitet, låge kostnader og god kvalitet i forvaltninga av utdanningsstøtta.

Slik yter Lånekassen sitt til det utdanningspolitiske hovudmålet – å gjere utdanning mogleg for alle.

Turid Hundstad
direktør



1

Rapport frå styret

Omstilling og fornying

År 2002 har vore eit år der omstilling og fornying har stått sentralt. Som ein del av kvalitetsreforma i høgare utdanning er det gjennomført vesentlege endringar i sjølve utdanningsstøtta. To hovudomsyn ligg til grunn for desse endringane – dels skal dei sikre at så mange som råd har tilfredsstillande økonomiske vilkår i utdanninga, og dels er endringane gjennomførte for å auke gjennomstrøyminga i høgare utdanning. Når det gjeld ordinær vidaregåande opplæring, er det foreslått ordningar som skal auke presisjonen i støttesystemet, slik at dei elevgruppene som har størst behov, kjem betre ut.

Samtidig er det reist spørsmål om den framtidige organiseringa og forvaltninga av utdanningsstøtta gjennom Lånekassen. Utdannings- og forskningsdepartementet sette våren 2002 i gang eit prosjekt for å greie ut den framtidige organiseringa av Lånekassen. To alternativ blei skisserte: det såkalla bankalternativet og lånekasseealternativet. Begge alternativa føreset ei omstilling i samsvar med krava til modernisering av offentleg verksemd og eit uendra regelverk for tildeling av lån og stipend. Det er venta at departementet vil leggje fram resultatet av utgreiinga hausten 2003.

Meir brukarretta

Lånekassen skal vere lett tilgjengeleg, ha høg rettstryggleik, rask saksbehandling, høg service, vere vennleg og truverdig. Ein skal kunne stole på at vedtaka er gjorde ut frå omsynet til kundane, så langt det er råd. Det er ei utfordring for Lånekassen å vidareutvikle eit effektivt samarbeid med eksterne aktørar der behova til samfunnet og brukarane styrer valet av strategiar og arbeidsprosessar – med sikte på å realisere dei utdanningspolitiske formåla som er nedfelte i utdanningsstøtteleven. Desse omsyna står sentralt i det omstillingsarbeidet som allereie er sett i gang internt i Lånekassen.

Formålet med Lånekassen er å forvalte utdanningsstøtta kostnadseffektivt og med god service og kvali-

tet. Lånekassen har samarbeidd med eksterne aktørar i mange år, ikkje minst på den datatekniske sida. Kundane bruker ordinære banktenester ved alle utbetalingar og innbetalingar. Den teknologiske utviklinga opnar for å tilby kundane nye tenester og effektivisere drifta av Lånekassen. I dagens ordningar ligg det klare synergieffektar med korte beslutningsveggar, fleksibilitet, god kvalitet og låge kostnader.

Standardforbetringar i utdanningsstøtta

I 2001 gjekk utdanningsstøtta gjennom ei omfattande politisk og offentleg behandling. Den endelege avklaringa av regelverket for høgare utdanning skjedde utover våren 2002. I regelverket for støtte til høgare utdanning er det særleg tre forhold som bør framhevast: ei vesentleg høgare kostnadsnorm, ei vesentleg heving av fribeløpet for eiga inntekt, og etableringa av ei ordning med omgjerding av lån til stipend etter at utdanninga er avslutta. Så langt er det for tidleg å seie noko om korleis den nye ordninga har verka. Lånekassen vil framleis, ikkje minst i samband med dei årlege budsjettframlegga frå departementet, følgje opp ambisjonen om å finne dei beste løysingane for utdanningsfinansiering.

Stortinget vedtok ved behandlinga av statsbudsjettet for 2002 å redusere løyvinga til drift av Lånekassen med 13 millionar kroner i forhold til budsjettframlegget frå regjeringa. Midlane skulle særleg bli brukte til arbeidet med å innføre ei ny støtteordning. Informasjons- og servicenivået måtte derfor reduserast i forhold til det som var planlagt. Trass i ein noko knapp budsjettssituasjon har arbeidet blitt gjennomført på ein tilfredsstillande måte i Lånekassen.

Regjeringa fremja forslag til ny utdanningsstøtte for elevar i ordinær vidaregåande opplæring i framlegget til statsbudsjett for 2003. Gjennom større vekt på behovsprøving har intensjonen vore å innrette utdanningsstøtta endå klarare mot dei gruppene som ein reknar med har dei største behova.



Samla i eit fornyingsprogram

Utviklingstiltaka i Lånekassen inngår i eit samla fornyingsprogram. Viktige tiltak som har blitt gjennomførte i 2002, er mellom anna

- utvikling av nettsøknad
- etablering av månadleg utbetaling
- innføring av nytt regelverk
- betre organisering av kundetenestene
- nettsøknad om fast rente

Samstundes er det sett i gang ei rekkje utviklings-tiltak som vil bli vidareførte i 2003. Som viktige aktivitetar kan vi nemne:

- etablering av ein eksamensdatabase
- etablering av ein lærestadsdatabase for utdanning i utlandet
- utvikling av nettsøknad for utdanning i utlandet
- fornying av nettstaden til Lånekassen
- etablering av ei ny utbetalingsordning

Auka merksemd rundt utdanning i utlandet

I kvalitetsreforma har internasjoniseringa fått ein brei plass. Både samfunnet og den enkelte har fordelar av den språklege, faglege og kulturelle utvekslinga som utdanning i utlandet fører med seg. Tradisjonelt har internasjoniseringa vore handtert som eit avgrensa sektoransvar. Men utviklinga har gått i retning av at dette i større grad er blitt eit felles ansvar for ulike offentlege einingar, næringslivet og frivillige organisasjonar. Slik sett har utviklinga skapt to utfordringar, dels å kartleggje og etablere ei klarare rolle- og ansvarsfordeling mellom fleire aktørar på området, dels å etablere ein samla nasjonal strategi.

Som den sentrale statlege tilretteleggjar for finansiering av livsopphald, reiser og skolepengar under utdanninga i utlandet, er Lånekassen eit viktig element i den samla strategien for internasjonisering. Lånekassen gav i 2002 støtte til ca. 15 800 gradsstudentar og ca. 5 700 delstudentar i utlandet. I alt utgjør dette ca. 1,95 milliardar kroner i utdannings-

støtte, og av dette var ca. 1,1 milliardar kroner stipend og ca. 850 millionar kroner lån.

Utdannings- og forskingsdepartementet har i ein rapport drøfta ulike sider ved ein nasjonal strategi innanfor internasjonisering. I ein merknad til rapporten har Lånekassen spesielt peika på at

- ein nasjonal strategi må sjå gradsstudium og delstudium i samheng
- det er viktig å sjå spørsmålet om internasjonisering ut fra eit heilskapsperspektiv, det vil seie ta omsyn både til vilkåra for den enkelte som vil søkje om utdanning i utlandet, og til lærestadene sitt ønske om å styre ressursane inn mot sine program
- det er behov for ein gjennomgang av støtta til skolepengar med sikte på at skolepengane skal gå til utdanning med god kvalitet
- det er behov for å gjennomgå nøye bruken av tilleggsstipend

Nettsøknaden blei ein suksess

I april 2002 blei Lånekassen sin nettsøknad lansert. Den gjorde det råd for nesten alle studentar i høgare utdanning i Noreg å søkje om stipend og lån via Internett. Det kom inn 75 000 nettsøknader i skoleåret 2002–2003. Dersom vi går ut frå at berre eit fåtal sende meir enn ein søknad, vil det seie at rundt 60 prosent av studentane i høgare utdanning valde å bruke nettsøknaden. Lånekassen er svært fornøgd med dette resultatet første året nettsøknaden er i bruk.

I 2003 vil Lånekassen vidareutvikle nettsøknaden slik at også studentar i høgare utdanning i utlandet kan bruke han. Det er eit mål at ein størst mogleg del av studentane, både i inn- og utland, skal velje nettsøknad framfor papirsøknad. På lengre sikt vil dette vere eit viktig bidrag til kortare saksbehandlingstid.



Fornyng av nettstaden til Lånekassen

Kundane i Lånekassen ønskjer i stor grad å bruke Internett for å innhente informasjon og få utført tenester. Det stiller store krav til Lånekassen, men det gir også gode høve til betre service og rasjonell drift. Lånekassen starta i 2002 ei omfattande fornyng av www.lanekassen.no, som omfattar innkjøp av nytt system for innhaldshandtering, ny design, ny innhaldsstruktur og ein del ny funksjonalitet, blant anna ein kalkulator for tilbakebetaling og ein database for utdanningar i utlandet som er godkjende for støtte. Den nye nettstaden vil bli lansert våren 2003.

Elektroniske utbetalingsrutinar

Lånekassen ønskjer å leggje til rette for meir elektronisk kommunikasjon med kundane sine. Dagens ordning med utbetaling av utdanningsstøtte ved hjelp av eit kombinert gjeldsbrev og utbetalingspapir er arbeidskrevjande, tidkrevjande og kostbar. Det er ønskjeleg å ta i bruk ny teknologi på ein måte som effektiviserer rutiane i Lånekassen, gir økonomisk gevinst og kjem kundane til gode. Etablering av ei løysing basert på at kunden skriv under på gjeldsbrev og låneavtale ved hjelp av digital signatur, inneber viktige endringar for Lånekassen, i tillegg til dei tekniske tilpassingane. Denne typen teknologi (PKI= Public Key Infrastructure) har det vore arbeidd med i lang tid både internasjonalt og i Noreg. Det finst i dag tilfredsstillande tekniske løysingar, men det har vist seg tungt og tidkrevjande å få teke dei i bruk i større omfang. Det kjem ikkje minst av nødvendige juridiske avklaringar og tryggingssyn knytt til verdien av ulike typar elektronisk signatur. I 2002 har Lånekassen gjennomført eit forprosjekt som gjer greie for dei juri-

diske og økonomiske forholda som gjeld elektroniske utbetalingsordningar. Lånekassen vil satse vidare på dette området i 2003.

Nøkkeltal for dei tre siste åra

Aktivitetane i Lånekassen er knytte opp mot store volum, både når det gjeld talet på elevar og studentar og dei verdiane som blir forvalta gjennom utdanningsstøtta. Totalt har Lånekassen ca. 700 000 kundar.

Nedgangen i talet på støttesøklarar held fram frå ca. 251 000 i studieåret 2000–2001 til ca. 247 000 i studieåret 2001–2002. Det har truleg samanheng med ei utflating og ein svak reduksjon i talet på utdanningsstøkjande med rett til støtte. Men høgare kostnadsnorm har ført til ein liten vekst i utbetalt støtte. Lånekassen tildelte for studieåret 2001–2002 utdanningsstøtte for i alt ca. tolv milliardar kroner, av dette var ca. fem milliardar kroner stipend og sju milliardar kroner lån.

Også i talet på tilbakebetalarar er det ein liten nedgang frå ca. 469 000 i 2001 til ca. 465 000 i 2002. Det heng truleg saman med at mange som hadde lån med gunstig fastrente fram til juli 2002, innfridde gjelda. Trass i dette er det ein viss vekst i uteståande fordringar frå ca. 69,1 milliardar kroner i 2001 til ca. 72,6 milliardar kroner i 2002. Summen av innbetalingar har auka frå ca. 6,7 milliardar kroner i 2001 til ca. 7,4 milliardar kroner i 2002.


Dei store verdiane som blir formidla gjennom Lånekassen, understrekar behovet for moderne og rasjonelle rutinar for å handtere ein stor kundemasse, og kor viktig det er å ha ei rasjonell og sikker økonomiforvaltning.

Hovudtal for dei siste tre åra


Undervisningsår	1999–2000	2000–2001	2001–2002
Talet på elevar og studentar i utdanning med rett til støtte	392 200	391 200	388 000
Talet på støttesøklarar	253 639	251 617	246 847
Lån			
Talet på låntakarar i utdanning	162 011	161 891	157 754
Nye utlån (millionar kr)	6 668,3	6 841,9	6 914,2
Gjennomsnittslån (kr)	41 160	42 262	43 829
Stipend			
Talet på stipend	318 709	324 871	321 059
Talet på stipendmottakarar	208 853	209 560	205 481
Stipendsum (millionar kr)	4 781,1	4 998,3	5 078,9
Gjennomsnittsstipend (kr)	22 894	23 851	24 717
Samla støtte			
Talet på støttmottakarar	228 065	227 344	222 997
Lån og stipend i alt (millionar kr)	11 449,7	11 840,2	11 993,1
Budsjettår			
	2000	2001	2002
Talet på tilbakebetalarar *)	455 401	468 968	464 951
Renteberande lån (millionar kr)	47 229,0	50 063,8	51 193,3
Innbetalt i alt (millionar kr)	6 235,2	6 718,7	7 544,4
Renter (millionar kr)	2 793,5	3 035,1	3 298,4
Avdrag (millionar kr)	3 331,9	3 559,0	4 124,2
Gebyr (millionar kr)	109,8	124,5	121,8
Ettergiving basert på rettar (millionar kr)	439,1	433,9	443,8
Rentestøtte (millionar kr)	1 259,7	1 443,9	1 493,7
Uteståande lån (millionar kr)	63 335,7	66 049,7	69 427,2
Uteståande renter (millionar kr)	2 926,4	3 009,0	3 187,1
Rekneskapsførte tap (millionar kr)	143,2	451,8	463,4
Administrasjon			
Lønn (netto) (millionar kr)	114,7	121,7	129,7
Varer og tenester (netto) (millionar kr)	114,6	115,2	132,9

*) Sidan 1996 har inkassosaker blitt overførte permanent til Statens innkrevjingsssentral når misleghaldet har vart i meir enn tre år. I 2000 blei 955 kundar overførte, i 2001 blei 3142 kundar overførte, og i 2002 blei 3485 kundar overførte.

Utviklinga i utlånsrenta i Lånekassen 1999–2002



Søknadsbehandling – tildelingssaker



Rentenivået i Lånekassen

Det er Stortinget som vedtek prinsippa for korleis renta skal bli fastsett i Lånekassen. Lånet er rentefritt så lenge kunden er i ei utdanning som er godkjend for støtte, og det blir først rekna renter når utdanninga er avslutta. Dette inneber i seg sjølv ei vesentleg subsidiering av studielånet frå staten si side.

Utlånsrenta i Lånekassen er lik den renta staten sjølv må betale for å låne inn pengar, slik dette kjem til uttrykk ved rentenivået på visse statspapir. På denne måten vil den enkelte låntakar nytte godt av staten sin kreditttillit. Rentenivået vil derfor normalt vere lågare enn for tilsvarende usikra lån i den private marknaden.

For å dekkje ein del av utgiftene til administrasjon og tap er det lagt til éin prosent. Ekstra renter og gebyr går ikkje til drifta av Lånekassen, men blir innbetalte direkte til statskassen. Utviklinga av utlånsrenta i Lånekassen går fram av figuren ovanfor.


Frå juli 1999 har det vore råd å binde renta fast for tre år, og frå juli 2002 blei ordninga utvida med fast rente over fem år. Den faste renta har lege både over og under den flytande renta. Ved inngangen til 2002 var tilbodet om fastrente 6,7 prosent og den flytande renta 7,8 prosent. Gjennom året har rentenivåa blitt meir like, og i tredje kvartal låg fastrentetilbodet over den flytande renta. I fjerde kvartal var tilboda på flytande renta, treårsrente og femårsrente på 7,7 prosent, 7,4 prosent og 7,3 prosent.

Søknadsbehandling

Det har vore eit mål i 2002 å sikre ei forsvarleg behandlingstid. Figurane nedanfor viser utviklinga i talet på tildelingssaker og tilbakebetalingssaker frå 1993 til 2002, og gjennomsnittleg behandlingstid.

I alt blei det behandla ca. 379 500 tildelingssaker i 2002, inklusive søknader om ettergiving på grunn av

Søknadsbehandling – tilbakebetalingssaker



langvarig utdanning og fødsjar/sjukdom. Dette utgjer ein auke på ca. fire prosent. Den gjennomsnittlege behandlingstida for 2002 har vore elleve dagar. Ca. 90 prosent av sakene blei ferdigbehandla innan 28 dagar. Talet på søknader om lån og stipend var ca. 368 700. Ved årsskiftet 2002–2003 hadde Lånekassen fått inn ca. 14 100 fleire søknader om stipend og lån enn på same tid året før.

Lånekassen behandla i 2002 ca. 279 000 tilbakebetalingssaker, inklusive inkassosaker og ettergiving for låntakarar som er busette i Finnmark og Nord-Troms. I 2002 auka talet på saker med 7,1 prosent i forhold til året før. Gjennomsnittleg behandlingstid gjekk ned frå 20 dagar i 2001 til 17 dagar i 2002. Talet på søknader om rentefritak og betalingsutsetjing har auka jamt dei siste fem åra. I 2002 utgjorde dei ca. 165 500 søknader.



Behandling av kundane

Ikkje minst handteringa av spørsmål frå kundane over telefon har dei seinare åra vore ei stor utfordring for Lånekassen. Samtidig etablerer den teknologiske utviklinga nye former for samhandling med kundane. Dei tradisjonelle formene med papirbaserte søknader, brev og telefonar blir utvida med e-post og Internett.

Lånekassen kan ikkje dekkje behovet for tilgjenge berre med vanleg telefonservice. Litt av behovet blir møtt ved at ein vidareutviklar dei nettbaserte alternativa. Lånekassen må tilpasse kundetenestene etter det som kundane finn mest tenleg. I åra framover blir det ei utfordring å samle dei ulike kanalane for kundane i ein felles infrastruktur og arbeidsflyt, slik at alle er sikra same tilgjenge og korrekt behandling.

Lånekassen fekk i 2002 ca. 656 000 telefonar frå kundane, ein auke på ca. fem prosent frå året før. Talet på brev frå kundane var ca. 287 000. Samtidig var det ca. 243 000 telefonar til den automatiske telefontenesta (Kassafonen) og ca. 793 000 som brukte den internettbaserte versjonen – Nettsvar – der kundane kan gå inn interaktivt og få dei same opplysningane som på Kassafonen.

Lånekassen har fått e-post frå kundane frå og med hausten 2001. I løpet av 2002 kom det inn ca. 67 000 e-brev i tillegg til vanleg brevpost. E-post er ein populær kommunikasjonskanal mellom studentane, og Lånekassen opplever framleis ein jamn og stor auke i talet på e-brev.

Stadig fleire kundar ønskjer å orientere seg om og kommunisere med Lånekassen via Internett. Besøket på www.lanekassen.no har dobla seg kvart einaste år sidan nettstaden blei etablert i 1995, og i 2002 registrerte Lånekassen 1,5 millionar besøk. Medan bruken av Kassafonen går ned, aukar bruken av Nettsvar.

Informasjon

Informasjon og kommunikasjon er heilt sentrale verkemiddel for at Lånekassen skal kunne passe oppgåva si som forvaltar av utdanningsstøtta på ein truverdig måte. I samsvar med prinsippa for den statlege informasjonspolitikken er det utvikla ein eigen strategi for kommunikasjon med ulike målgrupper.

Lånekassen legg avgjerande vekt på at elevar og studentar skal kunne forstå vilkåra for tildeling av lån og stipend. Ikkje minst er det eit viktig omsyn når det gjeld å kunne kontrollere at støtta er tildelt på eit korrekt grunnlag. Mot denne bakgrunnen er det etablert eit omfattande informasjonssystem gjennom brosjyrar, søknader, opplysningar på nettstad og anna informasjonsmateriell, som blir halde ved like og utvikla kvart år. Utviklinga går i retning av at større merksemd blir knytt opp mot dei elektroniske kanalane for kommunikasjon med kundane, særleg utviklinga på nettstaden.

I samband med større endringar utarbeider Lånekassen eigne informasjons- og medieplanar. I 2002 har hovudvekta av nye informasjonstiltak vore retta mot desse områda:

- informasjonstiltak rundt endringane i regelverket frå 2003–2004
- informasjon rundt vilkåra for fastsetjing av renta i Lånekassen
- informasjonstiltak retta mot den stigande arbeidsløysa mellom nyutdanna
- informasjonstiltak på bakgrunn av spørsmål frå massemedia



Oppfølging ved misleghald

Det var ein sterk vekst i talet på elevar og studentar gjennom 1990-åra. Utviklinga førte også til ein vekst i talet på personar som ikkje betaler i rett tid, og som har betalingsproblem. For å møte denne utfordringa blei det etablert ein strategi og handlingsplan for dette saksområdet. Kort går dette ut på å modernisere og profesjonisere Lånekassen i arbeidet med innkrevjinga av misleghaldne lån. Det blei etablert eit samarbeid med Statens innkrevjingssentral i Mo i Rana, og arbeidsstokken er styrkt både når det gjeld ressursar og kompetanse. Frå 1.11.2001 fekk Lånekassen heimel til også å kunne delta i frivillige gjeldsforhandlingar.

I 2002 har Lånekassen hausta av den innsatsen som er gjord åra før. Det kjem fleire og større innbetalningar frå kundar under oppfølging gjennom inkasso. Fleire inngår frivillige betalingsavtalar. Lånekassen kjem i kontakt med kundar med betalingsproblem på eit tidlegare tidspunkt. Mange av desse har rett til betalingslette.

Talet på kundar som er under oppfølging gjennom inkasso, minkar svakt, frå 44 700 i 2001 til 44 500 i 2002. Låntakarar i inkasso hadde ei uteståande gjeld ved utgangen av året på 4,6 milliardar kroner, ein auke på 100 millionar kroner frå året før. Auken skuldast at nye misleghaldarar har ei høgare gjennomsnittsgjeld.


Innbetalingane frå låntakarar i inkasso blei reduserte frå 425,6 millionar kroner i 2001 til 403,2 millionar kroner i 2002. Reduksjonen har samanheng med ei omlegging av IKT-systema hos Statens innkrevjingssentral.

Urett motteken støtte

Lånekassen har i dei seinare åra skjerpa reaksjonane når kunden har fått for mykje støtte. I mange tilfelle gjeld det kundar som gir ukorrekte eller mangelfulle opplysningar når dei søker om støtte, f.eks. ved å la vere å opplyse om at utdanninga er avbroten, eller at dei får trygdeytningar. I alt er det ca. 1 200 personar som har blitt følgde opp på dette grunnlaget. Paragraf 270 i straffeloven, som handlar om bedrageri, vil i mange tilfelle råke dei som har gitt urette opplysningar, og Lånekassen har valt å melde til politiet dei grovaste tilfella av misleghald av opplysningsplikta. I 2002 blei åtte kundar melde etter § 270 i straffeloven. Andre reaksjonsformer kan vere avslag på søknader om utdanningsstøtte, krav om tilbakebetaling av urett motteken støtte, rentebelastning og oppseiing av gjelda.

Tap på utlån

Tap på utlån i Lånekassen må bli sett på bakgrunn av at verksemda gir rett til lån utan krav til sikring og utan vanleg kredittvurdering. I 2002 blei til saman 463,4 millionar kroner avskrivne i rekneskapen som tap. Det er i underkant av 0,7 prosent av det samla utlånet. Vi viser til note 9 og 11 i rekneskapen.



Administrativ utvikling i Lånekassen

Organiseringa av Lånekassen er under kontinuerleg utvikling. Av aktivitetane i 2002 er det verdt å trekkje fram to endringar.

Med verknad frå 1. november 2002 blei alle regionkontora samla i ei ny avdeling, kundeavdelinga. Føremålet med endringa er å få ei betre koordinering av kontora og endå sterkare forankring av kundeomsyn i den øvste leiinga. Den nye avdelinga er samansett av ni kundekontor, og det er den største avdelinga i Lånekassen.

Hausten 2001 avgjorde Lånekassen at ansvaret for å behandle saker om tildeling og tilbakebetaling for kundar knytte til Buskerud og Oppland, skulle flyttast frå Oslo til regionkontor Nord-Vestlandet i Ørsta. Oppgåvene tilsvarer til saman ti årsverk, og flyttinga blir gjennomført i 2002 og 2003. Samtidig med flyttinga i 2002 blei talet på regionkontor i Oslo redusert ved at dei to tidlegare regionkontora Østland 1 og Østland 2 blei slått saman til eitt kontor, Regionkontor Østland 1.

Personale og kompetanse

I 2002 blei det utført til saman 340 årsverk i Lånekassen. Ved utgangen av 2002 hadde Lånekassen 358 tilsette, av dette var fire vikarar og 15 tidsavgrensa tilsetjingar. Personalavgangen i 2002 utgjorde ni prosent.

Om lag to tredelar av medarbeidarane i Lånekassen har akademisk eller anna høgare utdanning, medan om lag ein tredel av medarbeidarane har grunnskole eller vidaregåande skole som høgaste utdanning. Litt under halvparten av alle fast tilsette har arbeid samanhengande i meir enn ti år i Lånekassen. Ca. to tredelar av medarbeidarane er kvinner, og halvparten av leiarane er kvinner.

Kompetanseutvikling er eit viktig ledd i moderniseringa av Lånekassen, og det er sett i system gjennom nye rutinar som blei utvikla og sette i verk i 2002. Rutinane går ut på å knyte saman den individuelle og

kontorvise kompetanseutviklinga med overordna strategiske prioriteringar. I 2002 blei det brukt store ressursar på intern opplæring i det nye regelverket for studiefinansiering av høgare utdanning. Vidare blei det prøvd ut eit opplegg for å vidareutvikle saksbehandlarane sin service overfor kundane. Røynslene er gode, og i 2003 vil opplegget bli teke i bruk på breiare basis i verksemda. I tillegg blei det sett i gang eit program for leiarutvikling som omfattar alle leiarane.

Arbeidsmiljø

Eit godt samarbeid mellom administrasjonen i Lånekassen og personalorganisasjonane har mykje å seie for arbeidsmiljøet. Dei tilsette sin medråderett etter hovudavtalen i staten blir mellom anna teken vare på i form av drøftings- og forhandlingsmøte, samtidig som det jamt blir halde informasjonsmøte. I tillegg deltek dei tillitsvalde også på kvartalsvise leiarsamlingar og i styringsgruppa for fornyingsarbeidet i Lånekassen.

Sjukefråværet i Lånekassen var stabilt på 6,4 prosent i 2000 og 2001, men auka til 7,1 prosent i 2002. Auken i sjukefråværet er relativt jamt fordelt på korttids- og langtidsfråværet, men langtidssjukemeldingar utgjør den største delen av sjukefråværet. I 2001 blei det nedsett ei intern, partssamansett arbeidsgruppe for å kartleggje utviklinga i sjukefråværet og foreslå tiltak som kan redusere fråværet. Rapporten frå arbeidsgruppa var ferdig i desember 2002, og fleire av dei foreslåtte tiltaka vil bli iverksette i 2003. Avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA) er inngått i februar 2003.



Årsrekneskap for 2002

Resultatrekneskap

Beløp i 1000 kr	Note	2002	2001	2000
Renteinntekter	1	3 681 772	3 326 243	2 831 688
Rentekostnader	2	5 175 487	4 770 096	4 091 430
Rentestøtte		1 493 715	1 443 853	1 259 742
Betalte gebyr	3	121 841	124 538	109 795
Gebyrinntekter		121 841	124 538	109 795
Stipend til elever og studenter	4	5 453 512	4 992 835	4 912 067
Ettergiving basert på rettar	5	434 308	426 915	432 218
Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	6	4 171	4 090	3 575
Stipend og ettergiving basert på rettar		5 891 991	5 423 840	5 347 860
Lønn og godtgjering	7	129 744	121 694	114 703
Varer og tenester	8	132 945	115 231	114 596
Netto drifts- og utviklingskostnader		262 689	236 925	229 299
Tap på utlån	9	463 404	451 772	143 222
Tap på utlån		463 404	451 772	143 222
Netto tilskott frå staten	10	7 989 958	7 431 852	6 870 328
Driftsresultat		0	0	0

Balanse

Beløp i 1000 kr	Note	2002	2001	2000
Eignedelar				
Kontantar		25	10	42
Innskott i norske bankar		0	23	0
Kontantar og ordinære innskott i bankar		25	33	42
Ikkje renteberande	11			
– utdanningslån		18 233 953	15 985 965	16 106 761
– opptente, ikkje betalte renter		894 791	818 938	776 490
Opptente, ikkje betalte gebyr		59 495	54 172	52 533
Sum ikkje renteberande utlån		19 188 239	16 859 075	16 935 784
Renteberande utdanningslån	11	51 193 264	50 063 775	47 228 965
Renteberande renter		2 292 337	2 190 056	2 149 937
Sum renteberande utlån		53 485 601	52 253 831	49 378 902
Andre kortsiktige krav	12	1 631	1 723	1 285
I mellomrekning med Finansdepartementet		4 782	0	0
Andre krav		6 413	1 723	1 285
Sum eignedelar		72 680 278	69 114 662	66 316 013
Gjeld og egenkapital				
I mellomrekning med Finansdepartementet		0	966	549
Anna kortsiktig gjeld	13	6 438	5 812	5 800
Kortsiktig gjeld		6 438	6 778	6349
Lån frå staten	14	71 365 840	67 799 884	65 001 664
Langsiktig gjeld		71 365 840	67 799 884	65 001 664
Grunnfond	14	1 308 000	1 308 000	1 308 000
Eigenkapital		1 308 000	1 308 000	1 308 000
Sum gjeld og egenkapital		72 680 278	69 114 662	66 316 013

31. desember 2002

Oslo 10. mars 2003, i styret for Statens lånekasse for utdanning



Ulf Sand
leiar


Tine Sundtoft
nestleiar


Tove Veierød


Kristin Sten


Turid Hundstad
direktør


Hans Kristian Enge

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen for Statens lånekasse for utdanning er sett opp etter rekneskapsprinsipp som tilfredsstillar dei krava som blir stilte i lov og forskrifter. Statens lånekasse for utdanning kjem ikkje inn under rekneskapsloven eller Kredittilsynet sine reglar for bankrekneskap.

Periodisering av rente- og gebyrinntekter

Både rente- og gebyrinntektene og rentekostnadene blir tekne inn i resultatrekneskapen etter kvart som renter og gebyr blir opptente som inntekter, eller blir pådregne som kostnader.

Føring av andre inntekter og kostnader

Desse inntektene og kostnadene blir tekne inn i rekneskapen etter kontantprinsippet.¹⁾

Tap på utlån

Lånekassen utgiftsfører tap i årsrekneskapen først når tapet er endeleg konstatert i samsvar med lov og forskrifter. Det vil seie at avskrivning er utført etter dei årsakene som er oppgitt i Lov om utdanningsstøtte til elever og studenter (lov av 26.04.1985 nr. 21), eller gjelda er avskriven i samband med permanent overføring til Statens innkrevjingsentral for vidare innfordring. Statens innkrevjingsentral inntektsfører sjølv dei inntektene som kjem fram ved innkrevjing av permanent overførte lån. Ein vesentleg del av rekneskapsførte tap er renter fram til realisasjonstidspunktet.

Det blir ikkje rekna tap av konstaterte misleghaldne utlån eller ved betalingslette. Det inneber at det ikkje er gjort utrekningar eller avsetningar for spesifiserte tap i rekneskapen. Det er heller ikkje gjort utrekningar eller avsetningar for uspesifiserte tap i årsrekneskapen. For at ein skal kunne vurdere tapsrisikoen som ligg i utlånsporteføljen, er det gitt kommentarar til og opplysningar om misleghald og liknande i årsmeldinga frå styret og som notar til årsrekneskapen.

Inntektsføring av renter av misleghaldne utlån

I samsvar med det gjeldande regelverket stoppar ikkje Lånekassen inntektsføringa av renter på slike utlån. Rentene blir rekna ut og inntektsførte fram til tidspunktet for bokføring av konstatert tap.

1) Jf. Stortingets bevilgningsreglement, § 14: Enhver statsutgift og statsinntekt medtas i statens bevilgningsregnskap for den budsjettermin da den er blitt kontant betalt.

NOTE 1 RENTEINNEKTER

Den **flytande** renta i 2002 blei fastsett på grunnlag av renta på statssertifikat som har frå null til tre månader igjen til innløyning. Den **faste** renta var renta på statsobligasjonar med tre år igjen til innløyning. Det blir i begge tilfella lagt til 1,0 prosentpoeng til dekning av administrasjonskostnader og delvis dekning av tap.

Lånekassen betaler same renta til staten som kundane betaler på sine lån, og tillegget på éin prosent går ikkje til Lånekassen. Når lånet er oppsagt, blir det lagt til ein ekstra prosent som forseinkingsrente.

Rentefoten i 2002

	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
Flytande rente	7,80 %	7,80 %	7,40 %	7,70 %
Fast rente, tre år	6,70 %	7,20 %	7,60 %	7,40 %
Fast rente, fem år			7,60 %	7,30 %

NOTE 2 RENTEKOSTNADER

Utlånsrentene i Lånekassen tilsvarer den renta som blir betalt på innlån frå staten. Rentekostnadene blir rekna ut på grunnlag av samla utlånsportefølje innanfor kvar av dei ulike rentesatsane som kundane har valt. Lånekassen betaler også renter til staten for lån til kundar under utdanning. Desse rentene blir rekna i samsvar med rentesatsen for flytande renter.

I rentekostnadene inngår også renter av grunnfondet og utgifter knytte til rentekompensasjon i samband med at kunden innfrir gjelda, og ekstraordinær innbetaling av fastrentelån til underkurs.

Lånekassen betaler renter til staten av grunnfondet med den rentesatsen som gjeld for flytande renter. I 2002 var desse renteutgiftene på 100,4 millionar kroner.

NOTE 3 GEBYRINNEKTER

Posten gjeld betalte gebyr frå kundane og femner om administrasjonsgebyr ved førstegongsvarsling, gebyr for purring ved andregongsvarsling og gebyr for oppseiing av lån i samband med innfordring av misleghaldne utlån. Gebyrsatsane i 2002 var 35 kroner ved førstegongsvarsling, 260 kroner ved andregongsvarsling og 360 kroner ved oppseiing av lånet. Gebyra blir akkumulerte slik at det blir lagt til i alt 655 kroner dersom lånet blir oppsagt.

NOTE 4 STIPENDKOSTNADER OG STATSTILSKOTT TIL ELEVAR VED PRIVATE SKOLAR

I tillegg til dei stipenda som er løyvde over kap. 2410, postane 70 og 71, har Lånekassen tildelt i alt 12,0 millionar kroner over kap. 0240, post 70 til statstilskott til elevar ved private skolar.

Beløp i 1000 kr		2002	2001	2000
kap. 0240 post 70	Statstilskott til elevar i private skolar	12 019	10 919	10 326
kap. 0281 post 72	Vidareutdanningsstipend til kunstnarar	0	0	229
kap. 2410 post 70	Utdanningsstipend osv.	4 581 678	4 148 332	4 104 469
kap. 2410 post 71	Andre stipend	859 815	833 584	797 043
Stipend til elevar og studentar		5 453 512	4 992 835	4 912 067

NOTE 5 ETTERGIVING BASERT PÅ RETTAR (kap. 2410, post 73 og kap.5310, post 04)

Ettergiving og avskrivning etter særlege rettar i lov om utdanningsstøtte.

Visse innanlandske kostnader til flyktningar kan, etter OECDs statistikkdirektiv, definerast som offentleg utviklingshjelp. Ein del av utgiftene til ettergiving av studielån gjeld studentar frå Aust-Europa og frå visse land i den tredje verda, som seinare buset seg varig i heimlandet. Desse utgiftene blir refunderte over Utanriksdepartementet sitt budsjett, kap. 167 Flyktningetiltak i Norge, godkjende som utviklingshjelp (ODA). Denne refusjonen er vist i rekneskapen for Lånekassen på kap. 5310, post 04 ODA-midlar.

Beløp i 1000 kr		2002	2001	2000
Ettergiving ved lange studium		224 543	210 303	206 073
Ettergiving, Finnmark, Nord-Troms og Namdalen		77 719	78 342	78 130
Ettergiving til borgarar frå Aust-Europa og frå u-land		26 282	17 574	13 642
Avskrive pga. dødsfall		34 941	36 530	37 519
Avskrive pga. sjukdom		79 082	89 861	102 426
Automatisk avskrivning av små restsaldoar ved innfriing		1 241	1 319	1 302
Sum kap. 2410 post 73		443 808	433 929	439 092
Refusjon av ODA-godkjende utgifter kap. 5310 post 04		-9 500	-7 014	-6 874
Ettergiving basert på rettar, netto		434 308	426 915	432 218

NOTE 6 SÆRSKILTE TILRETTELEGGINGSTILTAK FOR UTDANNING I UTLANDET

Lånekassen har stått for utbetalinger til dette formålet i samsvar med tildelingsbrev av 11. februar 2002 frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Det er gitt posteringsfullmakt pålydande \$ 10 000 og kr 212 000 på kap. 2410 post 75, til andre føremål. Av desse posteringsfullmaktene har kr 251 758,50 blitt brukte.

NOTE 7 LØNN, GODTGJERING OG SOSIALE UTGIFTER

Beløp i 1000 kr	2002	2001	2000
Fast og mellombels personell	111 173	105 913	97 945
Lærlingar	119	157	98
Reinhald	1 118	1 201	1 137
Godtgjering til styret	255	275	210
Godtgjering til klagenemnda	125	148	113
Andre godtgjeringar	587	499	612
Innbetaling til folketrygda og Statens Pensjonskasse	21 650	20 002	17 780
Sum kap. 2410, post 01 1	135 027	128 195	117 895
Refundert pga. arbeidsmarknadstiltak	0	-47	-131
Refundert fødselspengar	-925	-2 623	-1 011
Refundert utgifter til lærlingar	-35	-55	-45
Refundert utgifter ved sjukmelding	-4 068	-3 506	-1 733
Sum kap. 5310, post 15-18	-5 028	-6 231	-2 920
Diverse inntekter	-255	-270	-272
Sum kap. 5310, post 03 1	-255	-270	-272
Netto lønnskostnader	129 744	121 694	114 703

NOTE 8 VARER OG TENESTER

Beløp i 1000 kr	2002	2001	2000
Maskinar, inventar og utstyr	2 622	2 021	2 206
Forbruksmateriell	2 128	2 196	2 165
Reiseutgifter osv.	5 888	8 033	5 386
Kontortenester	45 532	40 181	39 538
Konsulenttenester ^{*)}	24 696	23 491	24 994
Databehandlingstenester 29 044	18 956	20 287	
Vedlikehold og drift av maskinar og utstyr	767	499	665
Vedlikehold og drift av bygningar, leige av lokale	22 304	19 863	19 381
Sum kap. 2410, post 01 2	132 981	115 240	114 622
Diverse inntekter	-36	-9	-26
Sum kap. 5310, post 03 2	-36	-9	-26
Netto varer og tenester	132 945	115 231	114 596

*) Godtgjering til revisjonen er utbetalt i 2002 med kr 596 340,80, av dette er kr 62 000 til rådgiving.

NOTE 9 TAP PÅ UTLÅN

Lånekassen yter lån til livsopphald på grunnlag av lovfesta rettar. Det er inga kredittvurdering av låntakarane, og det blir ikkje kravd sikring for lånet. Slike usikra forbrukslån vil normalt vere utsette for ein høgare tapsrisiko enn ordinære, pantesikra banklån, der långivaren har hatt høve til å vurdere kredittilliten til kundane på førehand.

Lånekassen avskriv fordringa når kravet blir overført til Statens innkrevjingssentral på permanent basis 2. I tillegg avskriv Lånekassen fordringar som, etter fastsette reglar, heilt sikkert kan karakteriserast som tapte. Sjå også note 11.

Auken frå 2001 til 2002 kjem av ein auke i det beløpet som blei løyvd til avskrivning av tap, og er ikkje eit uttrykk for endringar i underliggjande tapsforhold.

Beløp i 1000 kr	2002	2001	2000
Avskrive som tap, gjeldsordning, uinndriveleg	37 930	32 598	31 081
Avskrive som tap og overført til SI	425 474	419 174	112 141
Tap på utlån	463 404	451 772	143 222

NOTE 10 TILSKOTT FRÅ STATEN FOR 2002

Denne posten viser summen av inntekter og utgifter for Lånekassen i 2002 som er dekte over statsbudsjettet. Tabellen nedanfor viser detaljar på kapittel- og postnivå i samsvar med oppstillinga av statsrekneskapen.

Beløp i 1000 kr		2002	2001	2000
kap. 0240 post 70	Statstilskott til elever i private skolar	12 019	10 919	10 326
kap. 0281 post 72	Vidareutdanningsstipend til kunstnarar	0	0	229
kap. 2410 post 01-1	Lønn, godtgjeringar og sosiale utgifter	135 027	128 195	117 895
kap. 2410 post 01-2	Varer og tenester	132 981	115 240	114 622
kap. 2410 post 70	Utdanningsstipend osv.	4 581 678	4 148 332	4 104 469
kap. 2410 post 71	Andre stipend	859 815	833 584	797 043
kap. 2410 post 72	Rentestøtte	1 493 715	1 443 853	1 259 742
kap. 2410 post 73	Avskriving	443 808	433 929	439 092
kap. 2410 post 74	Tap	463 404	451 772	143 222
kap. 2410 post 75	Tilskott for tilrettelegging av utdanning i utlandet	4 171	4 090	3 575
kap. 5310 post 03	Refunderte utgifter og egne inntekter	-291	-279	-298
kap. 5310 post 04	Refunderte utgifter av ODA-godkjende utgifter	- 9 500	-7 014	-6 874
kap. 5310 post 15	Refundert pga. arbeidsmarknadstiltak	0	-47	-131
kap. 5310 post 16	Refunderte fødselspengar	-925	-2 623	-1 011
kap. 5310 post 17	Refunderte utgifter til lærlingar	-35	-55	-45
kap. 5310 post 18	Refunderte utgifter ved sjukmelding	- 4 068	-3 506	-1 733
kap. 5310 post 72	Betalte gebyr, innbetalt til staten	- 121 841	-124 538	-109 795
Netto tilskott frå staten		7 989 958	7 431 852	6 870 328

NOTE 11 UTLÅN OG OPPTENTE, IKKJE BETALTE RENTER

I beløpa for uteståande lån og opptente, ikkje betalte renter per 31.12.2002, er det også inkludert lån som må definerast som tapsutsette. Risikoen for tap vil vere særleg stor innanfor behaldninga av oppsagde lån.

I tillegg til oppsagde lån vil det også vere risiko for tap mellom dei låna der det er gitt lette i betalingsvilkåra, men der lånet ikkje er misleghalde.

Per 31.12.2002 er i alt 44 500 lån oppsagde på grunn av misleghald. Den samla summen av oppsagde lån var på dette tidspunktet 4,6 milliardar kroner.

I 2002 blei 20 385 nye låntakarar overførte til inkasso, medan det samtidig var 17 100 kundar som kom tilbake i ei normal tilbakebetalingsordning. Av desse betalte 9 928 kundar dei terminbeløpa dei skulda, eller innfridde gjelda. Resten, 7 172 kundar, oppnådde betalingslette av sosiale eller økonomiske årsaker, og er dermed ikkje lenger under oppfølging gjennom inkasso.

Inkassosaker som har vore utan vesentleg framgang når det gjeld innfordringa i meir enn tre år etter oppseiinga, blir permanent overførte til Statens innkrevjingsssentral. Desse kundane misser alle rettane i Lånekassen, også sjansen til å få ny støtte. I 2002 blei 3 485 saker permanent overførte til Statens innkrevjingsssentral. Som ei følgje av det blei 425,5 millionar kroner avskrivne som tap under kap. 2410, post 74 Tap på utlån.

Lånekassen går no igjennom utlånsporteføljen med sikte på å dele inn i risikoklassar ut frå volum, risikoprofil og tapserfaring. Målet for dette arbeidet er dels å kartleggje kor stor del av dei noverande fordringane som må bli vurderte som tapsutsette, og dels å etablere kriterium for å klassifisere risiko og vurdere faktorar som påverkar risikoen ved framtidige utlån. Denne tapsmodellen skal kunne bli oppdatert fortløpande, basert på ny informasjon om kundemassen.

NOTE 12 ANDRE KORTSIKTIGE KRAV

Posten gjeld i hovudsak forskottsutbetalingar og fordringar i samband med politimelde bedrageri.

NOTE 13 ANNA KORTSIKTIG GJELD

Lønnstrekk som ikkje er innbetalt til Skattefuten i Oslo og Akershus, er bokført i årsrekneskapen som anna kortsiktig gjeld.

NOTE 14 LÅN OG GRUNNFOND FRÅ STATEN

Beløp i 1000 kr	2002	2001	2000
Samla innlån pr. 01.01, inkl. grunnfond	69 107 884	66 309 664	63 485 821
+ opptak nye lån i året (kap. 2410 post 90)	9 590 189	8 289 807	7 935 017
- nedbetaling avdrag (kap. 5310 post 90)	5 333 336	4 825 661	4 625 617
- tap og avskrivning (kap. 5310 post 91)	690 897	665 926	485 557
Lån frå staten, inkl. grunnfond	72 673 840	69 107 884	66 309 664

Fordeling av ordinære lån frå staten, inkl. grunnfond etter lånetype og rentenivå:

	Prosentstatts *)	Beløp i 1000 kr
Lån til tre md. flytande rente		
- som er renteberande for kundar	7,4–7,8	49 108 148
- som ikkje er renteberande for kundar	7,4–7,8	18 325 839
Lån til tre års fast rente	6,6–7,7	4 935 088
Lån til fem års fast rente	7,3–7,6	304 765
		72 673 840

*) per 31.12.2002

Grunnfondet blir behandla på same måten som ordinære lån frå staten, og Lånekassen betaler den satsen for flytande renter som gjeld, også for denne delen av innlånet.



■ Statsautoriserte revisorer

Ernst & Young AS
Tullins gate 2
Postboks 6814 St. Olavs plass
N-0110 Oslo

Medlemmer av Den norske Revisorkonfering

■ Foretaksregisteret:

NO 976 389 387 MVA

Tel. +47 22 03 60 00
Fax +47 22 11 00 95
www.ey.no

Til Utdannings- og forskningsdepartementet

Revisjonsmelding for 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for Statens lånekasse for utdanning for rekneskapsåret 2002. Vi har og revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av Lånekassen sitt styre og direktør. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova, lov om utdanningsstøtte til elever og studenter, instruks for revisjon i Lånekassen og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i Lånekassen. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar gjeldande lover og forskrifter for Statens lånekasse for utdanning
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen

Utan at det har meining for konklusjonen i avsnittet over, vil vi presisere viktigeita av prinsippa for rekneskapsføring av tap på utlån, samt omtalen i note 9 og 11 vedrørende tap på utlån og opptente, ikkje betalte renter.

Oslo, 11. mars 2003
ERNST & YOUNG AS



Leiv Aschehoug
statsautorisert revisor

■ Arendal, Bergen, Bæ, Drammen, Fosnavåg, Fredrikstad, Halmstrands, Horten, Hårness, Kongsvinger, Kragerø, Kristiansand, Larvik, Levanger, Lillehammer, Moss, Ålles, Namsdalen, Oslo, Otta, Porsgrunn/Skiene, Sandefjord, Sorland, Stavanger, Steinkjer, Trondheim, Tønsberg, Vikersund, Ålesund

3

Tildeling av stipend og lån i undervisningsåret 2001–2002

Utdanningsstøtte

Lånekassen gav i 2001–2002 støtte til 222 997 elever og studentar, som fekk om lag 12,0 milliardar kroner i stipend og lån. Om lag ni prosent av det norske folk tok i 2001–2002 utdanning som gav rett til stipend og lån.

Gjennomsnittsalderen for dei som fekk støtte til høgare utdanning, var 24 år. I vidaregåande opplæring var gjennomsnittet 19 år. Studentar fekk støtte frå Lånekassen i tre år gjennomsnittleg, medan det tilsvarende talet for elevar var to år.

Talet på støttemottakarar i Lånekassen minka med nær to prosent frå 2000–2001 til 2001–2002, men Lånekassen betalte ut éin prosent meir i stipend og lån enn året før. I vidaregåande opplæring fekk 44 prosent av elevane støtte frå Lånekassen, og i høgare utdanning fekk 78 prosent av studentane støtte. Det gjennomsnittlege lånoptaket auka med 1 570 kroner.

Kostnadsnorma avgjer kor mykje Lånekassen kan gi i stipend og lån. Norma blir regulert årleg ved at Utdannings- og forskingsdepartementet fastset forskriftene for Lånekassen. Kostnadsnorma var bygd opp av eit grunnbeløp, eit tillegg og eit beløp som

skulle dekkje bøker og materiell. Det var eitt sett reglar og kostnader for elevar under 19 år og eit anna regelsett for studentar over 19 år.

Ein heimebuar i høgare utdanning over aldersgrensa kunne maksimalt få 47 600 kroner i lån.

Det blei ikkje gitt stipend til heimebuarar over 19 år. Ein student i høgare utdanning som budde borte og var eldre enn 19 år, kunne få 69 500 kroner i samla støtte, 20 800 kroner i stipend og 48 700 kroner i lån.

Satsar for 2001–2002 per måned (Noreg)

	Under 19 år	Over 19 år
Grunnbeløp	kr 3 480	kr 4 095
Butillegg	kr 2 190	kr 2 190
	Vidaregåande opplæring	Høgare utdanning
Tillegg for bøker/materiell	kr 275	Kr 550

Støttemottakarar over og under aldersskiljet

	2000–2001				2001–2002			
	Vidaregåande		Høgare	Totalt	Vidaregåande		Høgare	Totalt
	Under 19 år	Over 19 år			Under 19 år	Over 19 år		
Tal								
Støttemottakarar	57 499	33 118	136 727	227 344	57 099	31 125	134 773	222 997
Stipendmottakarar	56 710	26 094	126 756	209 560	56 332	24 796	124 353	205 481
Låntakarar	7 743	26 235	127 913	161 891	7 352	24 056	126 346	157 754
Gjennomsnitt i kroner								
Støtte	22 860	45 758	65 856	52 005	23 289	47 031	68 116	53 695
Stipend	20 919	18 369	26 244	23 769	21 222	19 330	27 219	24 623
Lån	16 539	39 494	44 387	42 262	18 273	40 926	45 869	43 829



Stipend

Stipenddelen, det vil seie utdanningsstipendet sett i forhold til kostnadsnorma for ein einsleg student som bur borte, har vore på 30 prosent de fire siste åra.

Lånekassen betalte ut vel fem milliardar kroner i stipend, det er ein liten auke frå året før. I alt fekk 78 prosent av søkjarane under aldersgrensa stipend. Av søkjarar over aldersgrensa fekk 85 prosent stipend. Avslaga hadde i hovudsak samanheng med behovsprøvinga mot foreldreinntekta for dei som var under 19 år, og buforholda for dei som var 19 år og eldre. Elevar og studentar over 19 år som budde heime, fekk ikkje utdanningsstipend.

Utdanningsstipendet

For søkjarar *under aldersgrensa på 19 år* blei stipendet rekna ut med 93 prosent av det samla støttebeløpet som kunne bli gitt, mellom ei nedre grense på 2 455 kroner og ei øvre grense på 6 505 kroner per måned. Bortebuarar kunne i 2001–2002 få eit stipend på 3 385 kroner per måned, uavhengig av foreldreøkonomien.

For søkjarar *over aldersgrensa på 19 år* blei stipendet rekna ut med 97,2 prosent av det samla støttebeløpet som kunne bli gitt, mellom ei nedre grense på 4 810 kroner og ei øvre grense på 10 555 kroner per måned.

Stipendformer og stipendbeløp

	2000–2001			2001–2002		
	Talet på stipend	Gjennomsnittleg beløp kr	Totalt beløp i millionar kr	Talet på stipend	Gjennomsnittleg beløp kr	Totalt beløp i millionar kr
Utdanningsstipend	203 570	19 286	3 926,1	199 557	19 903	3 971,9
Flyktningstipend	333	49 883	16,6	492	51 073	25,1
Fødselsstipend	3 775	41 227	158,5	3 587	41 949	150,5
Gebyrstipend	11 836	41 990	488	11 891	42 342	503,5
Kunsthøgskulestipend	1 446	26 667	38,6	1 324	26 293	34,8
Reisestipend	65 103	2 541	165,4	64 456	2 702	174,1
Reisestipend i Norden	3 072	5 376	16,5	3 064	4 576	14,8
Reisestipend i Noreg for utlandsstudentar	12 076	1 397	16,9	12 594	1 458	18,4
Reisestipend kvotestudentar	793	3 895	3,1	789	5 263	4,2
Reisestipend utland	17 736	6 128	108,7	18 122	6 499	117,8
Språkstipend	508	14 846	7,5	564	15 035	8,5
Sjukkestipend	1 244	10 037	12,5	1 434	12 894	18,5
Tilleggsstipend	705	34 887	24,6	670	34 025	22,8
Tiltaksstipend	2 624	5 696	14,9	2 512	5 900	14,8
Andre stipend ³⁾	50	8 080	0,4	3	11 037	0
Totalt	324 871 ²⁾	23 851 ¹⁾	4 998,3	321 059 ²⁾	24 623 ¹⁾	5 078,9

1) Gjennomsnittleg stipendbeløp per mottakar

2) Éin kunde kan ha fleire stipend

3) Nordisk instituttstipend og stipend til nordisk sommarkurs

Elevar som hadde fylt 19 år og tok folkehøgskole-utdanning rett etter treårig vidaregåande opplæring, kunne frå og med 1997–1998 få eit utdanningsstipend etter dei same reglane som for dei under 19 år. Ordninga omfattar også elevar som har utsett skolestart etter sakkunnig vurdering.

Andre stipendordningar

Reisestipend i Noreg og Norden blei gitt til lengre reiser mellom heimstaden og lærestaden. Stipendet blei rekna ut etter Lånekassen sine satsar for tre tur-retur-reiser i året, med eit frådrag på 945 kroner i eigendel.

Lån kunne bli omgjort til stipend for inntil fire månader og to veker ved sjukdom.

Fødselsstipend blei gitt til kvinner som fekk barn, og som hadde vore i utdanning i minst seks månader før fødselen. Stipendet kunne også bli gitt heilt eller delvis til faren dersom begge var i utdanning og mora hadde rett til stipendet. Stipendet blei gitt i tre veker før og 39 veker etter fødselen.

Kunstfagstipend blei gitt til studentar ved høgare lærestader for kunstutdanning. Stipenddelen var i 2001–2002 på 35,5 prosent.

Flyktningsstipend blei gitt til utanlandske statsborgarar som var registrerte som politiske flyktningar og tok vidaregåande opplæring i Noreg.

Tiltaksstipend blei gitt til bortebuande elevar i vidaregåande opplæring som har heimen sin i Finnmark eller Nord-Troms.

Språkstipend blei gitt til språkkurs for studentar som tok utdanning med eit anna undervisningsspråk enn engelsk. Stipendet var på 15 000 kroner, og språkkurset måtte vare i minst fire veker. Språkstipendet kunne bli gitt til studentar som tok heile utdanninga i utlandet, og til dei som tok ein del av utdanninga ute.


Gebyrstipend skulle dekkje skolepengar heilt eller delvis for somme fagretningar i land utanfor Norden.

Tilleggsstipendet blei gitt til studentar i utlandet for å dekkje skolepengar på utvalde studium ved utvalde lærestader. Skolepengane måtte vere større enn det maksimale gebyrstipendet pluss ein eigendel.


Reisestipend til studentar i utlandet blei gitt som tilskott til to tur-retur-reiser i året frå heimstaden i Noreg og til lærestaden. Tilskottet blei gitt med 100 prosent stipend for reisa i Noreg og med 70 prosent som stipend og 30 prosent som lån for reisa utanfor Noreg.

Fordeling av totale stipendmidlar i 2001–2002


Studentar i høgare utdanning i Noreg var den største gruppa av stipendmottakarar og fekk også ein stor del av dei totale stipendmidlane. Utlandsstudentane fekk 19 prosent av stipendmidlane, men utgjorde berre åtte prosent av alle stipendmottakarane.



Talet på stipendmottakarar 2001–2002



Tildelt stipend 2001–2002



Lån

I 2001–2002 var nye utlån på om lag 6,9 milliardar kroner, medan talet for 2000–2001 var på om lag 6,8 milliardar kroner. Lånetettleiken (låntakarar i forhold til talet på elevar og studentar) var på 40,7 prosent i 2001–2002, en liten nedgang frå 2000–2001. Talet på søkjarar som fekk lån i 2001–2002, gjekk litt ned frå året før.

I 2002 avslutta om lag 7 000 kundar høgare utdanning med ei gjeld på over 250 000 kroner. Om lag 2 600 kundar hadde gjeld på over 100 000 kroner etter vidaregåande opplæring.

Tal på kundar som avslutta vidaregåande opplæring med gjeld over 100 000 kroner og høgare utdanning med gjeld over 250 000 kroner

Avslutningsår	Vidaregåande	Høgare utdanning
2000	2 752	6 839
2001	2 835	7 068
2002	2 576	6 968

Utdanningsstøtte til visse kundegrupper

Støtte til utdanning i utlandet

Talet på studentar som reiser til utlandet, ser no ut til å stabilisere seg etter fleire år med sterk vekst. 15 759 elevar og studentar fekk støtte til utdanning i utlandet


i undervisningsåret 2001–2002. Det er berre ein liten auke frå året før. Av alle som fekk støtte frå Lånekassen i 2001–2002, tok 6,9 prosent heile utdanninga i utlandet. I tillegg tok 5 689 elevar og studentar eit kort studieopphald i utlandet som ein del av utdanninga i Noreg. Dette er ein auke på 6,5 prosent samanlikna med året før, og det er ei utvikling som er i tråd med det styresmaktene ønskjer.

Dei mest populære studielanda var Australia (3 706), Storbritannia (3 560), Danmark (1 918), USA (1 504) og Sverige (888). Ungarn (670) har gått forbi Tyskland (637) som studieland. Frå studieåret 2000–2001 til 2001–2002 var det ein nedgang i talet på studentar i Storbritannia, USA og Sverige, medan studenttalet auka i Australia og Danmark. I Australia var auken på 21 prosent, medan han året før var på nær 70 prosent. Polen og Ungarn har i fleire år hatt ein sterk auke i talet på nordmenn som studerer medisin. Frå 2000–2001 til 2001–2002 var auken i talet på studentar i desse landa på 16 og seks prosent.

Mellom delstudentane var det Australia, Storbritannia, USA, Spania, Frankrike og Tyskland som var mest populære. Sjølv om desse studentene også helst reiser til dei engelskspråklege landa, er det langt fleire delstudentar som tek studieopphald i land i Afrika, Asia og Latin-Amerika.

Merkantile og teknologiske fag hadde ein sterk posisjon mellom fagretningane som blei tekne i utlandet. Merkantile fag kunne vise til ein auke på sju prosent samanlikna med året før. Teknologiske fag hadde ein auke på 6,5 prosent. Medisin auka med fem prosent samanlikna med året før, medan fysioterapi hadde ein nedgang på nær ni prosent etter fleire år

Støttebeløp og talet på elevar og studentar som tok full utdanning i utlandet (delstudentar ikkje med)





med auka tilstrøyming. Det siste heng truleg saman med at det ikkje lenger blei gitt gebyrstipend til nye fysioterapistudentar frå 2001–2002. Endring i reglane for gebyrstipend var truleg også årsaka til at talet på studentar innanfor mediefag berre viste ein svak auke. Tidlegare har den årlege veksten vore på 20–30 prosent.

I undervisningsåret 2001–2002 blei det gitt 979 millionar kroner som stipend og 691 millionar kroner som lån til norske elevar og studentar i utlandet. Året før blei det gitt 952 millionar kroner og 660 millionar kroner. I tillegg blei det gitt 288 millionar kroner i lån og stipend til delstudentar og utvekslingselevar.

Utlandsstudentar hadde større gjennomsnittsstipend og -lån enn dei som studerte i Noreg. I gjennomsnitt fekk ein student i utlandet 62 186 kroner i stipend og 47 470 kroner i lån. Til samanlikning fekk ein student i Noreg gjennomsnittleg 22 186 kroner i stipend og 45 624 kroner i lån.

Støtte til utanlandske statsborgarar i Noreg

Retten til utdanningsstøtte omfattar hovudsakleg norske statsborgarar. Utanlandske statsborgarar kan få støtte til utdanning i Noreg etter spesielle reglar. Studentar frå Aust-Europa og utviklingsland kan få støtte etter eit særskilt kvoteprogram. Programmet er lagt opp slik at utdanningslånet blir ettergitt når støttemottakaren flytter til heimlandet og buset seg varig der.

EØS-borgarar har frå og med 1995–1996 kunna få utdanningsstøtte frå Lånekassen dersom dei hadde status som arbeidstakarar i Noreg. Utdanninga må ha fagleg samanheng med arbeidet. Ordninga gjeld også for familien til EØS-borgaren. Kravet om samanheng mellom arbeid og utdanning gjeld ikkje for barna til

EØS-borgarane.

35 prosent av det totale stipendbeløpet til utanlandske statsborgarar blei gitt til flyktningar og personar som har opphaldsløyve i Noreg på humanitært grunnlag. Personar med flyktningstatus som tok vidaregåande opplæring, kunne få eit særskilt utdanningsstipend (flyktningstipend).

53 prosent av EØS-borgarane med støtte frå Lånekassen studerte i utlandet i 2001–2002. Det er ein litt lågare del enn året før. Av desse studerte 35 prosent i det same landet der dei har statsborgarskap. Om lag 77 prosent av EØS-borgarane som studerte i utlandet, var 25 år eller yngre. Tala kan tyde på at Noreg har ei god studiefinansiering i forhold til mange andre land.

Elevar og studentar ved private lærestader

20 prosent av all støtte frå Lånekassen til utdanning i Noreg i 2001–2002 blei gitt til elevar og studentar ved private lærestader. Talet for året før var 18,3 prosent. Elevar og studentar ved private lærestader utgjorde 15 prosent av alle støttemottakarane i Noreg.

Samanlikna med støtta som blei gitt til all utdanning i Noreg, fekk elevar og studentar ved private lærestader lågare stipend og høgare lån. Gjennomsnittslånet var høgare enn for elevar/studentar ved offentlege lærestader fordi det blei gitt tilleggs lån til å dekkje skolepengar ved dei private lærestadene.

Talet på elevar og studentar ved private lærestader som fekk stipend og lån frå Lånekassen, gjekk ned frå 2000–2001 til 2001–2002. Det er første gong på fleire år at talet på støttemottakarar ikkje aukar. Det heng truleg saman med ein generell nedgang i talet på elevar og studentar ved norske lærestader.

Utanlandske statsborgarar med støtte frå Lånekassen

	2000–2001			2001–2002		
	Støttetot-takarar	Stipend i millionar kr	Totalt i millionar kr	Støttetot-takarar	Stipend i millionar kr	Totalt i millionar kr
Nordiske statsborgarar ¹⁾	272	4,6	13,5	308	5,5	16,2
Nordiske statsborgarar ²⁾	683	12,2	30,0	625	11,5	29,2
Flyktningar	792	24,6	41,4	895	32,1	47,5
Fulltidsarbeid ³⁾	214	4,2	12,5	254	5,4	15,3
Gift med norsk statsborgar	699	13,7	36,5	739	15,0	41,4
Opphaldsløyve ⁴⁾	2 614	41,8	101,6	2 719	46,0	109,4
Opphald på humanitært grunnlag	2 062	36,9	87,9	2 031	37,9	87,8
Aust-Europa og visse u-land ⁵⁾	1 082	28,3	81,2	1 100	31,8	87,6
EØS-borgarar ⁶⁾	280	11,9	21,7	315	12,3	23,6
Anna	24	0,4	1,1	17	0,4	0,8
Totalt	8 722	178,6	427,4	9 004	197,9	458,8

1) Yrkesaktiv nordisk statsborgar

2) Nordisk statsborgar under 20 år med foreldre i Noreg

3) Utanlandske statsborgarar frå land utanfor Norden som har hatt fulltidsarbeid i Noreg i minst eitt år


4) Opphaldsløyve pga. ekteskap eller slektskap med utanlandske statsborgarar i Noreg

5) Frå og med haustsemesteret 1994 har Utdannings- og forskingsdepartementet fastsett særskilte vilkår for utdanningsprogram for statsborgarar frå visse utviklingsland og Aust-Europa

6) EØS-borgarar som har rett til støtte etter avtalen om europeisk samarbeid

Støtte til elevar og studentar ved private lærestader i Noreg (inkl. folkehøgskolar)

	2000–2001			2001–2002		
	Vidaregåande	Høgare	Totalt	Vidaregåande	Høgare	Totalt
Lån						
Talet på låntakarar	13 412	15 453	28 865	12 408	15 416	27 824
Gjennomsnitt lån kr	42 949	55 969	49 920	43 527	57 760	51 413
Totalt millionar kr	576,0	864,9	1 440,9	540,1	890,4	1 430,5
Stipend						
Talet på stipendmottakarar	16 695	13 649	30 344	16 138	13 641	29 779
Gjennomsnitt stipend kr	21 890	20 244	21 150	22 892	21 063	22 054
Totalt millionar kr	365,4	276,3	641,8	369,4	287,3	656,8
Støtte						
Talet på støttetottakarar	19 751	16 270	36 021	18 702	16 234	34 936
Gjennomsnitt støtte kr	47 668	70 142	57 819	48 631	72 548	59 745
Total støtte millionar kr	941,5	1 141,2	2 082,7	909,5	1 177,7	2 082,2



Kjønnsfordelinga

I undervisningsåret 2001–2002 blei det gitt støtte til totalt 222 997 personar. Av dei var det 127 829 kvinner (57,3 prosent). Det vil seie at kvinnedelen held fram å auke (0,1 prosent). Kvinnedelen var størst i høgare utdanning, der 60 prosent av støttemottakarane var kvinner. I vidaregåande utdanning var det elevar over 19 år som drog talet opp.


Innanfor fagretningane sjukepleie og lærarutdanning var kvinnedelen særleg stor. Av dei som fekk støtte til sjukepleiarutdanning, var 8,8 prosent menn. Dette er ein nedgang på 0,4 prosent frå året før. Nesten 80 prosent av lærarstudentane som fekk støtte frå Lånekassen i 2001–2002, var kvinner. Det er den same prosenten som året før. Innanfor fagretningane medisin og jus var det også ei overvekt av kvinner, medan det var ei overvekt av menn innanfor økonomi/administrasjon og sivilingeniørar. Berre 27,1 prosent av studentane som fekk støtte til sivilingeniørutdanning i 2001–2002, var kvinner. Det er ein auke på 0,7 prosent frå året før.

Ved utdanning i utlandet var kvinnedelen i 2001–2002 på 55,8 prosent.

Tabellen under viser at kjønnsfordelinga på dei fleste av fagretningane har endra seg heller lite sidan 1985–1986. Unntaket er medisinstudiet. Dette gjeld også for utdanning i utlandet, der det i dag er ei klar overvekt av kvinner mellom støttemottakarane, medan situasjonen var motsett for 16 år sidan. Elles har det vore ein auke i kvinnedelen på ingeniørfag, økonomi/administrasjon og jus.

Aldersfordelinga

Prosenten av støttemottakarar i høgare utdanning under 25 år har minka jamt frå undervisningsåret 1985–1986. Fram til 1993–1994 auka prosenten i aldersgruppa 25–29 år, medan det frå 1993–1994 og fram til 2001–2002 er prosenten av støttemottakarar på 30 år eller eldre som har auka. Den første auken kan ha samanheng med at talet på studentar som tok lang utdanning, auka vesentleg på byrjinga av 1990-talet, og det førte til fleire studentar over 25 år. Den siste auken kan henge saman med større satsing på etter- og vidareutdanning.



Kjønnsfordelinga mellom støttemottakarane i prosent

Utdanning	1985–1986		2001–2002	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Økonomi/administrasjon	43,8	56,2	49,1	50,9
Sivilingeniør	24,6	75,4	27,1	72,9
Jus	51,5	48,5	56,1	43,9
Medisin	45,9	54,1	57,6	42,4
Lærer ¹⁾	78,1	21,9	77,5	22,5
Sjuepleiar	89,6	10,4	91,2	8,8
Vidaregåande i Noreg	53,5	46,5	53,8	46,2
Høgare i Noreg	54,2	45,8	60,1	39,9
Utland ²⁾	35,8	64,2	55,8	44,2
Alle	52,9	47,1	57,3	42,7

1) Inkludert førskolelærarar

2) Eksklusive delstudentar

Aldersfordelinga mellom støttemottakarane i høgare utdanning i prosent

	1986–1987	1993–1994	2001–2002
Under 25	67,4	66,8	65,6
25–29	22,0	23,2	23,1
30 eller eldre	10,6	10,0	11,4



Tilbakebetaling i 2002

Per 31.12.2002 var 464 951 personar tilbakebetalarar i Lånekassen. Dei hadde ei gjeld på 51,2 milliardar kroner i lån og 3,3 milliardar kroner i renter.

Lånekassen hadde færre tilbakebetalarar i 2002 enn året før. Det er første gong på mange år at talet går ned. Hovudårsaka er at mange tilbakebetalarar som gjeikk ut av den gunstige fastrenteavtalen 1. juli 2002, valde å innfri lånet sitt. Vi ser også ein liten auke i talet på tilbakebetalarar som vidareutdannar seg.

Gjennomsnittsalderen for alle tilbakebetalarane som har fått lån til høgare utdanning, er 34 år. Gjelda er på om lag 138 000 kroner i gjennomsnitt, og den gjenstående nedbetalingstida er gjennomsnittleg på tolv år.

For tilbakebetalarane som har teke opp lån til vidaregåande opplæring, er gjennomsnittsalderen 30 år, gjelda er på om lag 59 000 kroner i gjennomsnitt, og den gjennomsnittlege gjenstående nedbetalingstida er seks år.

Kvar fjerde tilbakebetalar fekk éi eller fleire purringar på grunn av for sein innbetaling av terminbeløp, medan elleve prosent fekk varsel om oppseiing av gjelda. Kvar femte tilbakebetalar fekk innvilga betalingslette i 2002. Talet på tilbakebetalarar som har fått betalingslette, har auka.

Betalingsvilkår i 2002

- Lånet er rentefritt i studietida. Lånet blir sett renteberande frå første måned etter avslutta utdanning.
- Renta er marknadsstyrt og blir fastsett for eitt kvartal om gongen. Den flytande renta er knytt opp mot statssertifikat som har frå null til tre månader igjen til innløyning. Dei faste rentene er knytte opp mot statsobligasjonar som har tre og fem år igjen til innløyning.
- Den flytande renta i første og andre kvartal 2002 var 7,8 prosent, 7,4 prosent i tredje kvartal og 7,7 prosent i fjerde kvartal. Det er rente på all rentegjeld etter 1.1.1990 (rentesrente).

- Tilbakebetalarane kan binde renta for tre eller fem år. Den faste renta på tre år var 6,7 prosent i første kvartal, 7,2 prosent i andre kvartal, 7,6 prosent i tredje kvartal og 7,4 prosent i fjerde kvartal. Den faste renta på fem år blei innført frå tredje kvartal og var på 7,6 prosent. Fjerde kvartal var ho på 7,3 prosent.
- Den lengste nedbetalingstida var 20 år. For mindre lån er tilbakebetalingstida kortare. Blir det gitt betalingsutsetjing, kan betalingstida bli forlengd til maksimalt 30 år.
- Betalingspausen (perioden frå lånet er sett renteberande til første terminforfall) er ca. sju månader, men det er likevel råd å søkje om ti månaders betalingspause.
- Det kan bli gitt betalingslette av sosiale og økonomiske årsaker innanfor fastsette inntekstgrenser.
- Det kan bli gitt utsetjing med å betale heile terminbeløpet i inntil tre år, eller utsetjing med halve terminbeløpet i inntil seks år.
- Utdanningslån er personleg gjeld og kan bli ettergitt dersom kunden blir varig ufør eller døyr.

Gjennomsnittsgjeld ved avslutta utdanning

(tal i 2002-kroner)

Avslutningsår	Vidaregåande	Høgare	Totalt
1995	64 770	183 218	135 664
1996	62 220	183 124	139 826
1997	59 677	178 396	139 873
1998	57 524	174 858	136 898
1999	57 900	173 699	136 833
2000	58 186	171 569	136 952
2001	58 340	166 922	132 008
2002	57 864	170 433	134 354



Gjeldsutviklinga

Gjennomsnittsgjelda i faste kroner ved avslutta utdanning for tilbakebetalarar med høgare utdanning har gått jamt nedover frå 1995 og til 2001.

I 2002 har gjennomsnittsgjelda for studentar med høgare utdanning auka for første gong på lenge. Dette kjem hovudsakleg av at stipenddelen ikke har auka dei siste åra, og at det er større lånevilje i denne gruppa.

Det har vore ein nedgang i gjennomsnittsgjelda ved avslutta utdanning for tilbakebetalarar med vidaregåande opplæring i perioden 1995 til 1998. Deretter har det vore ein svak auke i gjennomsnittsgjelda. Det er grunn til å tru at auken heng saman med at fleire har teke utdanning på private skolar med til dels høge skolepengar fram til undervisningsåret 2000–2001. Frå undervisningsåret 2000–2001 er talet på elevar ved private skolar gått litt ned. Det kan vere årsaka til at gjennomsnittsgjelda har gått ned frå 2001 til 2002

for tilbakebetalarane som avslutta vidaregåande opplæring.


Tala viser gjelda etter at ettergiving ved langvarige utdanningar er uført. Lærarar, sjukepleiarar og grupper av sivilingeniørar får ikkje ettergitt lån etter desse reglane.

Utviklinga varierer for dei enkelte faggruppene. Gjennomsnittsgjelda til lærarane har gått litt ned. For sjukepleiarane har det vore ein liten auke, og det skuldast truleg at denne gruppa har større lånevilje enn før.


Gjennomsnittsgjelda har også auka for dei utdanningane som har lengst studietid, og særleg for lange universitetsutdanningar, med unntak av jus, som er på same nivå som i 1997.

Av 55 082 kundar som avslutta utdanninga i 2002, var det 12,9 prosent som hadde gjeld over 250 000 kroner. I 2001 var det 12,4 prosent som hadde gjeld på meir enn 250 000 kroner etter avslutta utdanning.

Gjennomsnittsgjeld ved avslutta høgare utdanning



Fordeling av gjeld ved avslutta utdanning



Utlånsrenta

Fast rente

Frå 1. juli 2002 blei det høve til å binde renta for fem år også. Lånkassen hadde då hatt ei ordning med fastrente for ein treårsperiode frå 1. juli 1999. Kunder med flytande rente kan inngå fastrentekontrakt kvart kvartal. På grunn av særleg gunstig rentenivå per

1. juli 1999, valde over 211 000 kundar å binde renta. Bindingsperioden gjekk ut 30. juni 2002.

Nivået på den faste renta i 2002 har vore heller høgt i forhold til nivået på den flytande renta. Relativt få kundar har derfor valt å binde renta. Det er årsakene til den store reduksjonen i talet på fastrentekundar i 2002.

Renteutviklinga dei siste åra

År	Gjennomføringsdato	Flytande rente		Tre års fast rente		Fem års fast rente	
		Nominell rente	Realrente ¹⁾	Nominell rente	Realrente ¹⁾	Nominell rente	Realrente ¹⁾
2001	1. januar	7,5	4,2	7,5	4,2		
	1. april	7,9	4,6	7,3	4,0		
	1. juli	7,9	4,6	7,6	4,3		
	1. oktober	7,9	4,6	7,5	4,2		
2002	1. januar	7,8	6,3	6,7	5,2		
	1. april	7,8	6,3	7,2	5,7		
	1. juli	7,4	5,9	7,6	6,1	7,6	6,1
	1. oktober	7,7	6,2	7,4	5,9	7,3	5,8

1) Renta deflatert med konsumprisindeksen (gjennomsnitt for året)

Talet på fastrentekundar per 31.12.

Fast rente per	31.12.2000	31.12.2001	31.12.2002
Tal	213 756	209 659	31 495
Del av tilbakebetalarar totalt	46,9	44,7	6,8
Del av total gjeld	54,4	47,5	9,6

Rentefritak og betalingsutsetjing

Etter forskriftene for Lånekassen kan tilbakebetalarane sleppe å betale renter når dei tek ny utdanning, eller dersom dei har sosiale og økonomiske problem. I tillegg kan det bli gitt utsetjing med betalinga av terminbeløpet utan at renta blir stoppa. Talet på søknader om betalingslette auka med sju prosent frå året før.

Kostnaden med å gi rentefritak var 208 millionar kroner i 2002, det vil seie ein auke på om lag ti millionar kroner. Talet på dei som har fått innvilga rentefritak, har gått ned. Rentenivået i 2002 har vore litt lågare enn i 2001. Auken kan komme av at fleire kundar fekk rentefritak for lengre periodar i 2002 enn i 2001, og at gjelda til dei som får innvilga rentefritak, er større.

Tilbakebetalarane kan også få betalingsutsetjing med heile terminbeløpet i inntil tre år utan nærmare grunning. Det er årsaka til den kraftige auken av utsetjingar under «andre forhold». Frå og med 2002 kan det bli gitt betalingsutsetjing og rentefritak dersom låntakaren får økonomisk stønad etter sosialtenesteloven.

Den viktigaste årsaka til rentefritak var arbeidsløyse, der Lånekassen innvilga rentefritak på til saman 46,3 millionar kroner. Deretter følgde rentefritak i samband med sjukdom, der det samla rentefritaket utgjorde 43,1 millionar kroner. Rentefritak på grunn av utdanning med rett til støtte og omsorgsplikter var på 25 og 25,8 millionar kroner.

Talet på kundar som har fått rentefritak og betalingsutsetjing i 2001 og 2002 per 31.12.

	Betalingslette		Av desse rentefritak	
	2001	2002	2001	2002
Militærteneste	3 280	2 759	1 263	848
Sivilteneste	879	777	335	298
Sjukdom	9 452	9 373	5 516	5 377
Arbeidsløyse	11 995	11 896	5 570	5 172
Sosialstønad		727		423
Soning	133	126	37	48
Svangerskap/fødsel	3 118	2 824	1 581	1 366
Omsorgsplikter	5 558	4 885	3 039	2 491
Låg inntekt	1 675	1 292	503	407
Deltidsutdanning	2 470	2 829	445	369
Godkjend utdanning	14 092	12 328	3 243	2 826
Utdanning utan godkjenning	454	198		
Utsetjing av første forfall	2 099	2 213		
Utsetjing av halve terminbeløpet	7 963	4 835		
Andre forhold	14 578	26 851	2	1
Totalt	77 746	83 913	21 534	19 626

Rentefritak i millioner kroner

År	2000	2001	2002
Beløp	188,0	197,8	208,0
Talet på vedtak	54 828	57 830	57 423

Ordningar med ettergiving

Lånekassen har fleire ordningar for heil eller delvis ettergiving av utdanningslån.

Ettergiving ved fullført langvarig universitets- og høyskoleutdanning

For å auke tilstrøyinga til og gjennomføringa av langvarige utdanningar kan ein del av lånet bli ettergitt for somme fag. Ettergivinga blir utført etter at hovudfags-eksamen er bestått eller den aktuelle graden er fullført.

I 2002 fekk 6 277 studentar ettergitt lån på grunn av bestått hovudfagseksamen eller fullført grad. Det er ein auke på 11,5 prosent i forhold til 2001, då 5 630 fekk ettergiving.

For dei som fullførte ei langvarig utdanning hausten 2001 eller våren 2002, gjaldt desse satsane:

Normert tid:	Ettergitt beløp:
10 semester	inntil kr 22 965
11 semester	inntil kr 35 555
12 semester	inntil kr 47 905
13 semester eller fleire	inntil kr 54 180

Ettergiving av lån for låntakarar som er busette i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke

Kundar i Lånekassen som er busette i og arbeider i Finnmark eller visse kommunar i Nord-Troms, kan få ti prosent av den opphavlege gjelda, opptil 16 500 kroner, ettergitt i 2002. Ei tilsvarande ordning finst også for legar i somme kommunar i Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal.

Ettergiving for statsborgarar frå land i Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland

Studentar frå visse land i Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland som får støtte etter eit særskilt utdanningsprogram med kvotetildeling, kan få ettergitt utdanningslånet når dei reiser tilbake til heimlandet for å busetje seg varig der.

Ettergiving og avskrivning for uføre og døde

Ein låntakar som er minst 50 prosent ufør og får uførepensjon frå folketrygda, kan få ettergitt gjelda heilt eller delvis. Dersom ein låntakar dør, blir heile gjelda avskriven.

Ettergiving og avskrivning av lån

	2000		2001		2002	
	Talet på ettergivingar	Totalbeløp (millionar kr)	Talet på ettergivingar	Totalbeløp (millionar kr)	Talet på ettergivingar	Totalbeløp (millionar kr)
Lange studium	5 660	206,1	5 630	210,3	6 277	224,5
Aust-Europa/u-land	122	13,6	145	17,6	222	26,3
Finnmarksordninga	7 004	74,6	6 827	75,0	6 597	75,2
Indre Namdalen*)	444	3,5	428	3,3	356	2,5
Uføre og døde	1 588	139,9	1 479	126,4	1 285	114,0
Andre		1,3		1,3		1,2
Sum ettergivingar		439,1		433,9		443,8

*) Siste dato for opptening var 31.12.01



Varsling

Låneplassen sender ut varsel om innbetaling fire gonger i året. Det blir sendt andregongsvarsel (purring) til kundar som ikkje betaler innan fristen. Dersom dei framleis ikkje betaler, blir det sendt varsel om oppseiing av låneforholdet. Heile gjelda forfell til betaling, dersom terminbeløpet og kostnadene ikkje blir betalte. Dersom kunden ikkje betaler, eller ikkje har rett til betalingslette, blir renta på lånet sett opp med éin prosent (forseinkingsrente).

Gebyr

Ved førstegongsvarslinga blei det lagt til eit gebyr på 35 kroner. Ved andregongsvarslinga var gebyret på 260 kroner. Dersom lånet blei sagt opp, var gebyret 360 kroner. Ein kunde som hadde fått varsel om oppseiing, måtte derfor til saman betale 655 kroner i gebyr.

Førstegongsvarsel, andregongsvarsel og varsel om oppseiing per termin

		Terminforfall			
2000		15.02.2000	15.05.2000	15.08.2000	15.11.2000
Førstegongsvarsel	Tal	337 648	328 981	336 725	322 612
Andregongsvarsel	Prosent ^{*)}	16,1	17,7	15,7	13,6
Varsel om oppseiing	Prosent ^{*)}	5,3	5,5	5,0	4,6
2001		15.02.2001	15.05.2001	15.08.2001	15.11.2001
Førstegongsvarsel	Tal	354 679	343 261	350 485	332 939
Andregongsvarsel	Prosent ^{*)}	15,5	16,8	14,5	16,8
Varsel om oppseiing	Prosent ^{*)}	4,5	5,6	5,6	5,1
2002		15.02.2002	15.05.2002	15.08.2002	15.11.2002
Førstegongsvarsel	Tal	363 999	351 544	358 182	335 162
Andregongsvarsel	Prosent ^{*)}	15,6	16,3	15,8	14,2
Varsel om oppseiing	Prosent ^{*)}	5,3	5,1	5,3	4,7

^{*)} Prosent = del av førstegongsvarsel



Innkrevjing og inkasso

I 1998 og 1999 fekk Lånekassen auka ressursar for å styrkje innkrevjingsarbeidet. Arbeidsstokken blei utvida, og i 2002 blei det teke i bruk eit nytt IT-system for oppfølging av misleghaldne fordringar. Dette har ført til at Lånekassen dei siste åra har

- fått langt fleire og større innbetalingar frå kundar som er under oppfølging gjennom inkasso
- inngått fleire frivillige betalingsordningar
- komme i kontakt med kundane på eit tidlegare tidspunkt enn før
- fått kontakt med langt fleire som har rett til betalingslette
- sendt fleire saker til Statens innkrevjingssentral (SI) for namsmannsbehandling

Hovudtal

Ved utløpet av 2002 var 44 500 kundar under inkasso-behandling, mot 44 700 året før.

Låntakarar i inkasso hadde ei uteståande gjeld ved utgangen av året på 4,6 milliardar kroner, som er ein auke på 100 millionar i forhold til ved utgangen av 2001. Denne auken skuldast at nye misleghaldarar har høgare gjennomsnittsgjeld.

I 2002 blei 20 385 nye låntakarar overførte til inkasso. 17 100 kundar ordna opp i misleghaldet og blei tilbakeført til normale betalingsvilkår. Av dei 17 100 betalte 9 928 kundar det terminbeløpet dei skulda, resten fekk innvilga betalingslette etter forskriftene. 3 485 kundar blei i 2002 permanent overførte til Statens innkrevjingssentral på grunn av grovt misleghald.

Innbetalingane frå kundar i inkasso var 403,2 millionar kroner i 2002. Det tilsvarande talet for året før var 425 millionar kroner. Lånekassen sitt eige innkrevjingsarbeid i 2002 førte til auka innbetaling med 33 millionar kroner i forhold til 2001. Samtidig fekk Statens innkrevjingssentral (SI) inn 55,4 millionar kro-

Talet på saker, gjeld og innbetalingar

År	Talet per 31.12.	Gjeld i milliardar kroner per 31.12.	Samla innkrevjingsresultat i millionar kroner	Innbetalingar via SI (lønns-/trygdetrekk) i millionar kroner
1995	40 100	3,7	171,7	
1996	32 400 ^{*)}	3,1	217,2	1,4
1997	33 000 ^{*)}	3,3	266,5	72,4
1998	38 300 ^{*)}	3,8	296,0	122,0
1999	43 100 ^{*)}	4,2	349,0	129,8
2000	45 100 ^{*)}	4,5	423,6	176,1
2001	44 700 ^{*)}	4,5	425,6	182,7
2002	44 500 ^{*)}	4,6	403,2	127,3

^{*)} Talet på saker som er permanent overførte til Statens innkrevjingssentral går fram av neste tabell.



ner mindre i 2002 enn i 2001. Det har sammenheng med omlegginga av IT-systema hos SI i perioden frå september 2001 til sommaren 2002. Denne omlegginga førte til problem med å iverksetje lønns- eller trygdetrekk for både nye og gamle misleghaldssaker, og også til forseinking i overføringa av innbetalingar til Lånekassen. SI reknar ikkje med å vere å jour med restansane før i mars 2003.

Den typiske inkassokunden er ein ung mann med vidaregåande skole som høgaste utdanning. Heile 69 prosent av kundane som var under inkasso-behandling, hadde vidaregåande utdanning, medan denne gruppa berre utgjorde 28 prosent av alle tilbakebetalarane. 30 prosent av inkassokundane hadde høgare utdanning. Menn utgjorde 61 prosent. Over ti prosent av inkassokundane hadde fått støtte etter reglane for tildeling av støtte til utanlandske statsborgarar.

Samarbeidet med Statens innkrevjingsentral

Samarbeidet femner både om saker der Statens innkrevjingsentral er særnamsmann, og saker som blir permanent overførte til Statens innkrevjingsentral.

Namsmannssakene

Statens innkrevjingsentral har for det meste overteke det arbeidet som tidlegare blei utført av lokale namsmenn. I 2002 blei det oversendt 17 181 saker til Statens innkrevjingsentral for namsmannsbehandling, samtidig som 16 813 saker blei tilbakekalla. Tala for 2001 var 16 738 og 15 396. Sakene blei trekte tilbake fordi kunden anten innfridde heile gjelda, ajourbetalte i forhold til betalingsplanen, fekk innvilga betalingslette, opna gjeldsordningssak, eller Statens innkrevjingsentral avgjorde at det ikkje var noko å ta utlegg i hos låntakaren (ikkje søkjegod).

Ved utgangen av 2002 hadde Statens innkrevjingsentral 32 791 saker frå Lånekassen til namsmanns-

behandling eller anna oppfølging. For 11 759 av sakene var det ved utgangen av 2002 etablert lønns- eller trygdetrekk til Lånekassen. I 3 575 av sakene er det lønns- eller trygdetrekk til andre kreditorar med høgare prioritet enn Lånekassen sitt krav. Resten av sakene blir kontrollert mot mange ulike register for å sjekke om det er råd å ta utlegg i lønn/trygd eller andre formuesgode. Dersom det ut frå opplysningane i registra ikkje er mogleg for SI å ta utlegg, blir sakene etter ei tid avslutta og tilbakeførte til Lånekassen for vidare oppfølging.

Permanent overførte saker

Inkassosaker som har vore utan vesentleg framgang i innfordringa i meir enn tre år etter oppseiing, blir overførte til SI på permanent basis. Desse kundane misser alle rettane i Lånekassen, også sjansen til å få ny støtte. Talet på overførte saker i 2002 var 3 485. Sidan ordninga blei innført i 1996, har om lag 29 600 kundar blitt permanent overførte til Statens innkrevjingsentral.

Permanent overførte saker

År	Tal	Gjeld – millionar kr
1996	15 552 ^{*)}	1 339
1997	2 058	230
1998	1 436	169
1999	2 949	344
2000	955	124
2001	3 142	419
2002	3 485	425

^{*)} Talet for 1996 omfattar oppsamla saker fram til og med 1996.



Innkrevjing i utlandet

Ved årsskiftet var 2 706 krav der kunden var busett i utlandet, under inkassobehandling. Dette er ein auke i forhold til forrige årsskifte, då talet var 2 637. Kundane var busette i 112 ulike land, og 531 var busette i Sverige, 517 i USA.

Lånekassen har avtale med to inkassobyrå om innkrevjing i utlandet. Det gir brei dekning og aktiv oppfølging over heile verda. Inkasso i Sverige skjer gjennom eit fast advokatfirma. Av dei 2 706 krava var 920 krav under oppfølging via inkassoselskap og advokat, mot 940 ved forrige årsskifte. Totalt henta inkassobyråa inn 7,9 millionar kroner i 2002. Det er ein auke frå året før, då innkrevjingsresultatet var 6,1 millionar kroner.

Det var 953 av kundane som betalte i 2002, mot 966 i 2001. Innbetalingar frå desse kundane utgjorde 18,8 millionar kroner, mot 15,9 millionar i 2001.

Rettslege gjeldsordningar

Ved utgangen av 2002 var det 1 465 låntakarar som hadde ei frivillig eller tvungen gjeldsordning. Det tilsvarende talet for 2001 var 1 557. Nedgangen i talet på gjeldsordningar kjem delvis av at gjeldsordningar som blei vedtekne i 1997, er avskrivne som følgje av gjennomført gjeldsordning. 1997 var det året det blei vedteke/stadfesta flest gjeldsordningar med 365 ordningar. Dels skuldast nedgangen at gjeldsordninga er oppheva som følgje av misleghald. I tillegg blei det opna 254 gjeldsforhandlingar i 2002.

Samla gjeld for kundar med etablerte gjeldsordningar utgjorde ved årsskiftet 213,3 millionar kroner, mot 207,3 millionar kroner i 2001. Bruken av gjeldsordning har gått litt ned frå 2001 til 2002. Totalt er 157 nye gjeldsordningar vedtekne/stadfesta, mot 190 i 2001.

Gjeldsordningsperioden er som hovudregel på fem år. Restgjelda blir avskreven når gjeldsordningsperioden er over og gjeldsordninga er gjennomført i samsvar med avtalen. I 2002 blei det avskrive 23,9 millionar kroner fordelt på 226 saker. Tilsvarende tal for 2001 var 26,9 millionar kroner fordelt på 262 saker.

Lånekassen deltek i ca. 11,5 prosent av alle gjeldsordningssakene på landsbasis. Det inneber at Lånekassen er ein av dei kreditorane som er involvert i flest gjeldsordningssaker.

Utbetalt dividende i gjeldsordningssaker er gjennomsnittleg svært låg. Lånekassen får ein gjennomsnittleg dividende på ca. 3,58 prosent.



Utanrettslege gjeldsordningar/ettergiving av uinndrivelege fordringar

I 2002 har Lånekassen fått totalt ca. 260 førespurnader om utanrettsleg gjeldsordning eller ettergiving av utdanningsgjeld. Av desse er 148 behandla med heimel i § 8 femte ledd i utdanningsstøtteloven. Dette er ei spesiell ordning der forvaltningsloven ikkje gjeld.

Lånekassen har godteke ni framlegg til utanrettslege gjeldsordningar utforma etter same prinsippa som i gjeldsordningsloven. 56 kundar har fått utdanningsgjelda heilt eller delvis ettergitt fordi Lånekassen ser det som uråd å drive inn fordringa. 83 kundar har fått avslag på spørsmålet sitt om utanrettsleg gjeldsordning eller ettergiving, fordi dei ikkje fyller vilkåra for ettergiving.

I 2002 er 6,6 millionar kroner avskrivne som tap fordi krava blir rekna som umogleg å inndrive.

Utleggspant

Lånekassen hadde 3 847 gyldige utleggspant ved årsskiftet hos kundar som har misleghalde betalingspliktene. Oppfølging og realisasjon av pant var i 2002 eit satsingsområde i innkrevjingsarbeidet, og det blei realisert mange pant i bankkonti og verdipapir. Lånekassen kravde i 2002 til saman 236 tvangsrealisasjonar av utleggspant. Innbetalingane på dette området auka frå 22,0 millionar kroner i 2001 til 44,1 millionar kroner i 2002.

5

Leiing og administrasjon

Styret

Styret i Lånekassen blir oppnemnt av Utdannings- og forskningsdepartementet. Styret skal følgje opp verksemda på vegner av departementet, og det skal kontrollere at den daglege leiinga utfører oppgåvene sine i samsvar med styringssignal og retningslinjer gitt av departementet.

Styret skal mellom anna behandle Lånekassen sin strategiplan for å oppnå framtidige mål, følgje opp den løpande verksemda i Lånekassen, leggje fram årsrapport og årsrekneskap, behandle budsjettforslag og verksemdsplan, gi nærmare reglar til forskriftene og behandle viktige saker som gjeld organisasjonen og personalet i Lånekassen.

Styret har fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Medlemmene blir oppnemnde for tre år om gongen, bortsett frå representantar for elevar og studentar, som blir oppnemnde for eitt år om gongen.

Styret hadde ni møte i 2002. Eitt av møta blei lagt til regionkontoret i Tromsø.



Ulf Sand



Kristin Sten



Tove Veierød



Hans Kristian Enge



Tine Sundtoft

STYREMEDLEMMENE I 2002

Fram til 30.6.2002

FASTE MEDLEMMER

Ulf Sand *Jeiar*

Tine Sundtoft *nestleiar*

Tove Veierød

Astrid Mjærum *Studentenes Landsforbund*

Robert Terdal Moe *Elevorganisasjonen*

PERSONLEGE VARAMEDLEMMER

Ingrid Bergslid Salvesen

Ola Stafseng

Arvid Vada

Dag Harlem Stenersen *Norsk Studentunion*

Marianne Tangen Braathen *Elevorganisasjonen*

Frå 1.7.2002

FASTE MEDLEMMER

Ulf Sand *Jeiar*

Tine Sundtoft *nestleiar*

Tove Veierød

Kristin Sten *Norsk Studentunion*

Hans Kristian Enge *Elevorganisasjonen*

PERSONLEGE VARAMEDLEMMER


Ingrid Bergslid Salvesen

Ola Stafseng

Arvid Vada

Ane Marte Hammerø *Studentenes Landsforbund*

Karl Hans Braut *Elevorganisasjonen*



Ruth Anker Høyer



Ole Chr. Moen



Dag Harlem Stenersen

Klagenemnda

Klagenemnda i Lånkassen blir oppnemnd av Utdannings- og forskingsdepartementet. Vedtak i Lånkassen kan bli klaga inn til klagenemnda. Den fortolkinga og bruken av regelverket som klagenemnda gjer, er retningsgivande for Lånkassen.

Klagenemnda har tre medlemmer med personlege varamedlemmer. Medlemmene blir oppnemnde for tre år om gongen, sist frå 1.7.2000, bortsett frå representantar for elevar og studentar, som blir oppnemnde for eitt år om gongen.

I løpet av 2002 blei det halde tolv møte i klagenemnda, og det blei behandla 284 saker.

De fleste sakene gjaldt betalingsutsettjing og/eller rentefritak (53), reaksjonar på grunn av misleghald av opplysningsplikta (41), avslag på grunn av forseinking i utdanninga (22), frådrag på grunn av eiga inntekt eller forsørgjarane si inntekt og/eller formue (19), avslag ved søknad om fødsels- og sjukestipend (17), avslag ved søknad om butillegg (16) og avslag på grunn av årsblokkene (15).

Tretten av klagarane fekk heilt eller delvis medhald i klagen sine.

SAMMENSETJINGA AV KLAGENEMNDA

Fram til 30.6.2002

MEDLEMMER

Ruth Anker Høyer *leiar*

Ole Chr. Moen *nestleiar*

Gunhild Espeseth *Studentenes Landsforbund*

PERSONLEGE VARAMEDLEMMER

Christina Borgen Skorge

Ivar Skeide

Marte H. Jørgensen *Norsk Studentunion*

Frå 1.7.2002

MEDLEMMER

Ruth Anker Høyer *leiar*

Ole Chr. Moen *nestleiar*

Dag Harlem Stenersen *Norsk Studentunion*

PERSONLEGE VARAMEDLEMMER

Christina Borgen Skorge

Ivar Skeide

Astrid Mjærum *Studentenes Landsforbund (til 30.9.2002)*

Inger Marie Skinderhaug *Studentenes Landsforbund (frå 1.10.2002)*

Organisasjon og personale

Lånekassen har hovedkontor i Oslo og regionkontor i Stavanger, Bergen, Ørsta, Trondheim og Tromsø. Regionkontora tek seg av den direkte kontakten med kundar i regionane sine. I tillegg til leiinga er stabs- og støttefunksjonane og innkrevjingsverksemda lokalisert til Oslo.



Turid Hundstad



Bjørn Holstad



Astri Tverstøl



Magne Mevold



Ingeborg Thomassen



Vigdis Moseng



Lars Birkeli

LEIINGA PER 31. DESEMBER 2002

Direktør	Turid Hundstad
Fagdirektør for støttetildeling og tilbakebetaling	Vigdis Moseng
Avdelingsdirektør for administrasjonsavdelinga	Lars Birkeli
Avdelingsdirektør for innkrevjingsavdelinga	Magne Mevold
Avdelingsdirektør for IT-avdelinga	Bjørn Holstad
Avdelingsdirektør for kundeavdelinga	Ingeborg Thomassen
Avdelingsdirektør for økonomiavdelinga	Astri Tverstøl

Rådgivarar/stab

Seniorrådgivar, stab	Frank Ruus
Seniorrådgivar, stab	Erling Moe
Informasjonssjef	Wenche Merli
Underdirektør, innkrevjingsavdelinga	Liv Simonsen
Underdirektør, IT-avdelinga	Viktor Valnes
Underdirektør, IT-avdelinga (<i>infrastruktur</i>)	Sten-Kenneth Staf
Underdirektør, IT-avdelinga (<i>prosjekt og utvikling</i>)	Arnulf Wold
Underdirektør, tilbakebetalingssaker	Kirsten Fischer
Underdirektør, tildelingssaker	Jan Erik Wold
Underdirektør, økonomiavdelinga	Ingunn Bakkene Cowan

Kontorsjefar


Administrasjonskontoret	Roger Austbø
Arkivkontoret	Anne Helene Stjerdahl
Budsjett- og utgreiingsgruppa	Øyvind Hartmann
1. innkrevjingskontor	Elisabeth Bøgh
2. innkrevjingskontor	Jan Astrup
3. innkrevjingskontor	Gunvor Eliassen
Personalkontoret	Erling Strømberg
Rekneskapskontoret	Unni Jordet


Regiondirektørar

Sør-Vestland (<i>Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland</i>)	Ragnhild Berg Sivertsen
Hordaland	Jonny Saltnes
Ørsta (<i>Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Buskerud</i>)	Sverre Sørdal
Trøndelag (<i>Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag</i>)	Karin Supphellen
Nord-Noreg (<i>Nordland, Troms, Finnmark</i>)	Mona Yttergård
Østland 1 (<i>Akershus, Hedmark, Oppland, Østfold, Oslo</i>)	Jens Jørgen Langballe
Østland 3 (<i>Telemark, Oslo</i>)	Jan Hovland
Østland 4 (<i>Vestfold, Oslo</i>)	Unni Høvik
Utland	Johnny Lybæk

Organisasjonskart

(31. desember 2002)







Aktuelle saker i 2002

Lånekassen og kvalitetsreforma

Eit felles løft for kunnskapsbygging i Noreg

Ambisjonen for styresmaktene sin kunnskapspolitikk er at Noreg skal vere ein leiande kunnskapsnasjon. Med dette utgangspunktet blir den såkalla kvalitetsreforma for høgare utdanning gjennomført. For lærestadene inneber reforma hovudsakleg ein ny gradsstruktur, nye studietilbod, betre individuell oppfølging av studentane, større fagleg fridom for institusjonane, nytt finansieringssystem og større økonomiske fullmakter. For Lånekassen inneber kvalitetsreforma ei tosidig utfordring – dels er det spørsmål om å oppdatere regelverk og rutinar i samsvar med reforma, dels er det spørsmål om å utvikle eit føremålstenleg samarbeid med dei administrative systema på lærestadene, til dømes når det gjeld studieåtfærd og eksamensavvikling.

Kvalitetsreforma er samtidig ei vidareutvikling av den offentlege tilrettelegginga for opplæring og kunnskapsbygging i Noreg. I denne strukturen spelar Lånekassen ei viktig rolle for finansiering av livsoppheald, læremiddel og skolepengar under utdanninga. Andre viktige aktørar i denne strukturen er skolar, lærestader og bibliotek, den sentrale eininga for kvalitetssikring i høgare utdanning (NOKUT), og infrastrukturen elles. Det er ei utfordring for Lånekassen å utvikle rolla si i samvirket med dei andre aktørane på ein måte som dei utdanningssøkjande og samfunnet er best tente med.

Internasjonalisering

Eit viktig ledd i kvalitetsreforma er ønsket om auka internasjonalisering ved dei norske lærestadene, mellom anna gjennom meir studentutveksling både til og frå Noreg. Støtte til studentutveksling har i lang tid vore ein viktig del av verksemda til Lånekassen, både gjennom regelverket for støtte til utanlandske studentar i Noreg, støtte til utdanning i utlandet og informasjon om studium i utlandet. Den kunnskapen og kompetansen norsk ungdom får i språk, kultur og samfunns-

forhold, er viktig for det norske utdanningssystemet og arbeidslivet.

Utgiftene til å finansiere utdanning i utlandet har auka kraftig dei siste åra. I studieåret 2001–2002 blei det utbetalt i overkant av 1 177 millionar kroner i stipend til elevar og studentar som tok utdanning i land utanfor Norden. Utdanning er blitt stadig meir kommersialisert. Mellom anna av desse grunnane har det vore debatt omkring finansieringsordningane. Problemstillingar knytte til kostnader ved finansiering av skolepengar i utlandet, gevinsten ved slik finansiering, finansieringa av skolepengar ved private lærestader i Noreg, opphoping av norske studentar ved somme lærestader i enkelte land og kvalitet ved utdanningane i utlandet har vore diskuterte.

Utdannings- og forskingsdepartementet arbeider no med ein nasjonal strategi for internasjonalisering av høgare utdanning som ein del av kvalitetsreforma. Ein ønskjer derfor ein meir målretta bruk av midlane som blir nytta til mellom anna skolepengar i utlandet, der kvalitet i større grad enn tidlegare skal vere retningsgivande. Gjennomgangen av finansieringsordningane for utdanning i utlandet gjennom Lånekassen skal ha hovudfokus på internasjonalisering, målretting og kvalitet og skal omfatte ordningane for både høgare utdanning og vidaregåande opplæring. Prosjektet skal drøfte og foreslå prinsipp for og innretting av finansieringsordningar for utdanning i utlandet, mellom anna desse problemstillingane:

- drøfte innretting av finansieringsordningane ut frå omsynet til studentane sitt frie val av studium og studiestad opp mot kapasiteten i det norske utdanningssystemet og behova på arbeidsmarknaden
- vurdere korleis finansieringsordningar kan støtte opp under målsetjingane knytte til internasjonalisering av norsk utdanningssektor
- diskutere kvalitetskriterium for finansiering av utdanning i utlandet



Nye reglar for utdanningsstøtta

I samband med innføringa av kvalitetsreforma blei det vedteke nye reglar for utdanningsstøtta gjennom Lånekassen frå hausten 2002. Dei viktigaste forholda i det nye regelverket for 2002–2003 er:

- Kostnadsnorma er auka til 80 000 kroner. Kostnadsnorma er lik for heimebuarar og bortebruarar.
- Av dei 80 000 kronene som studentane får per år, vil 25 prosent (21 000 kroner) bli tildelt som stipend saman med lånet. Etter at eksamen er bestått, vil 15 prosent til (9 000 kroner) bli gjort om til stipend. Eksamensresultata vil bli sende automatisk frå lærestadene i Noreg til Lånekassen.
- Berre bortebruarar får stipend. Heimebuarar har ikkje rett til ordinært utdanningsstipend.
- Studentane vil få pengane utbetalt kvar månad. 16 000 kroner blir til vanleg utbetalt den første månaden i kvart semester. Den første utbetalinga får studenten gjennom eit utbetalingsbrev til lærestaden, deretter får ho/han pengane inn på konto kvar månad.
- Grensa for eiga arbeidsinntekt er heva. Ein student kan no tene opptil 100 000 kroner (personinntekt) i kalenderåret utan at det blir trekk i stipend eller lån.
- Reisestipend blir gitt til dei under 25 år. Alle som er fødte i 1977 eller seinare, og som reiser heimanfrå for å ta utdanning, kan få reisestipend. Studenten får stipend til tre tur-retur-reiser, men ikkje meir enn 7 000 kroner per undervisningsår. Eigendelen er 970 kroner per undervisningsår.

Ny studiefinansiering – ei informasjonsutfordring

Hausten 2002 innførte Lånekassen nye reglar for studiefinansiering for studentane. Innføring av nytt regelverk har kravd tekniske løysingar som stiller store krav til IT-systemet og til behandlingsmåten.

Tre steg mot fullt stipend

1. Ved søknad om fullt lån og stipend får studentane 25 prosent av støtta utbetalt som stipend. Resten blir utbetalt som lån.
2. Endå 15 prosent til av lånet blir omgjort til stipend når eksamen er bestått. Lånekassen kjem til å få eksamensresultata elektronisk frå dei norske lærestadene og vil omgjere lån til stipend automatisk. Studentane i utlandet må sjølve rapportere inn eksamensresultata sine til Lånekassen.
3. Studentane slepp no å gi opplysningar om inntekt, trygd og formue. Lånekassen får inntektsopplysningane direkte frå skatteetaten når likninga er klar. Studentar som har hatt inntekt, trygd eller formue over grensene, får då ein del av eller heile stipendet omgjort til lån.
Ein av intensjonane bak endringene i støtteordninga er å betre gjennomstrøyminga i høgare utdanning.

God informasjon er nødvendig

Det er fleire utfordringar knytt til informasjon om stipendordninga.

- Ein del av stipendet blir i første omgang utbetalt som lån. Det vil seie at studentane må ta opp lån, sjølv om dei søker berre om stipend. Det er fordi dei ikkje har rett til fullt stipend med mindre dei står til eksamen. Lånekassen betaler ikkje ut stipendet når dei består eksamen, og må derfor ha eit lite lån å omgjere. Dette er eit vanskeleg moment å forklare til søkjarane, og det har ført til mange telefonar.

Lånekassen har forklart både på nettsøknaden og papirsøknaden kvifor det er nødvendig å ta opp lån når studentane berre søker om stipend. Det har også vore skrive særskilt om dette på nettsidene.

- Omgjering av lån til stipend ved bestått eksamen skjer til vanleg ca. fire månader etter at studieåret er avslutta. Dersom studenten ikkje har bestått alle eksamenane, kan omgjeringa skje delvis eller sei-

nare. Det er vanskeleg å informere på ein så god måte at studenten får ei god oversikt over stipend-tildelinga.

Lånekassen vil leggje stor vekt på at brevet som blir sendt ut om omgjeringa, får eit innhald og ei form som gir ei best mogleg oversikt. Det vil samtidig bli sendt med ein enkel brosjyre som forklarar dei tre stega mot stipend, og som svarer på nokre aktuelle spørsmål.

- Norske studentar i utlandet må sende inn eksamensresultata sjølve for å få omgjort lån til stipend. Bakgrunnen er at Lånekassen ikkje har det same samarbeidet med utanlandske lærestader som med norske.

Lånekassen har allereie informert utlandsstudentane om når dei skal sende inn eksamensresultata. Når tidspunktet for omgjerung nærmar seg, må Lånekassen trappe opp informasjonen. ANSA, interesseorganisasjonen til utlandsstudentane, blir ein viktig samarbeidspartnar.

- Inntektskontrollen kjem eitt til år etter at pengane er tente. Det lange tidsperspektivet gjer at mange kan ha gløymt den informasjonen som Lånekassen har gitt om reglane i forkant. Studentane reknar med ein viss stipendsum, og når inntektsopplysningane frå skatteetaten kjem, kan stipendet bli heilt eller delvis gjort om til lån. Dette gjer det vanskeleg for studentane å ha oversikt over kor mykje stipend dei får i løpet av utdanninga. Det er ikkje enkelt å forstå reglar som får økonomiske konsekvensar fleire år etter at studenten tok eksamen i eit fag.

Lånekassen har gjennomført kampanjar for å gjere studentane merksame på inntektsgrensene og at stipendet kan falle bort når likningsopplysningane ligg føre. Brukarundersøkingar har vist at inntektsgrensa er godt kjend.

- Informasjon til trygdemottakarar er ei særleg utfordring. Ein einsleg forsørgjar som har fått støtte frå Lånekassen, og som i tillegg mottek trygd, vil misse ein del av eller heile stipendet dersom trygdeytningane er over grensa. Først får personen 25 prosent stipend, deretter meir stipend ved bestått eksamen, og til slutt kan stipendet falle bort eller bli redusert gjennom inntektskontrollen ca. eitt år seinare.

Lånekassen har gitt informasjon og sendt brosjyrar i fleire omgangar til alle studentar. Trygdemottakarar er blitt nemnde spesielt.

- Dei siste inntektskontrollane i eit studieløp vil bli utførte etter at studentane har begynt å betale tilbake studielånet. Det inneber at mange studentar først får vite kva det endelege gjeldsbeløpet er, etter

at dei har fått ein betalingsplan og starta tilbakebetalinga.

Lånekassen vil tilpasse informasjonen til tilbakebetalingane slik at alle blir orienterte om at stipendet kan falle bort, og at gjelda blir høgare dersom inntekt/trygd/formue er over grensene.

Gjennom informasjonstiltak og kampanjar satsar Lånekassen på å kunne gi studentane den informasjonen dei treng.

Ein modernisert Lånekasse

Oppgåva for Lånekassen er å forvalte den norske studiestøtteordninga. Det er ikkje ein sjølvsgd ting at det framleis er Lånekassen som skal gjere denne jobben; føresetnaden for tilliten er at det er Lånekassen som gjer jobben best – både for samfunnet og for kundane. Lånekassen står overfor eit jamt press om å effektivisere og gjere tenestene betre.

Kundane stiller krav til teknologi og personleg service

Lånekassen har ei kundegruppe som er særleg krevjande når det gjeld bruk av teknologi og krav til personleg service. Det gir ein eineståande sjanse til å utvikle løysingar der kvar kunde mest mogleg greier seg sjølv, og på eiga hand orienterer seg om støtteordningane gjennom interaktive informasjonstenester. Lånekassen må arbeide for å realisere eit målbilete der den elektroniske dialogen med kunden gjer det råd å tilby ein raskare og meir individuell service enn i dag.

Elektronisk dialog med kundane – visjon for Lånekassen

I målbiletet for Lånekassen har kvar einskild kunde ei personleg side på www.lanekassen.no, som er tilgjengeleg ved hjelp av sikker innlogging. Her kan ho/han finne informasjon om sitt eige kundeforhold, og informasjonen omfattar både ei oversikt over tidlegare historie og individuelt tilpassa informasjon om aktuelle rettar i lov og forskrifter om studiestøtte. Det skal vere råd å simulere konsekvensane av ulike låneoptak og nedbetalingsforløp, og deretter sende ein elektronisk søknad om støtte eller om endringar i tilbakebetalingsvilkåra. I det elektroniske søknadsskjemaet ligg allereie alle nødvendige opplysningar om kunden, slik at jobben blir enklare.

Alle kundegrupper skal kunne søkje om støtte over nettet. Dersom søknaden kan behandlast automatisk, skal kunden få tilbakemelding om resultatet innan eitt døgn – på e-post, SMS eller den automatiske telefonenesta til Lånekassen. Kunden skal kunne signere på gjeldsforpliktinga ved hjelp av ein

elektronisk signatur, eller på papir om ho/han ønskjer det. Etter at Lånekassen har sjekka at kunden er teken opp i den aktuelle utdanninga og har betalt semesteravgift, blir lån og stipend overførte direkte til kunden sin konto, utan at ho/han må stå i kø for å hente utbetalingspapiret.

Når kunden har avlagt ein eksamen, vil det bli rapportert frå lærestaden til Lånekassen, og ein del av studielånet blir automatisk omgjort til stipend. Kunden kan når som helst sjå på si personlege side kva som er utbetalt av støtte, og kor mykje lån som er omgjort til stipend. I tillegg til dette vil Lånekassen sende ut skriftleg informasjon til kvar enkelt kunde.

Tilbakebetalinga vil bli meir fleksibel enn i dag. Det skal vere mogleg å betale ved hjelp av e-faktura eller avtalegiro, og kunden skal kunne velje mellom månadleg eller kvartalsvis innbetaling. Nye system vil også gi høve til at kunden sjølv kan velje ein forfallsdato som passar med tidspunktet for lønnsutbetaling kvar månad.

Saksbehandlaren skal framleis vere tilgjengeleg for kunden

Internett blir med andre ord hovudkanalen for kommunikasjon med kundane. Men det skal framleis vere råd å ringje til Lånekassen og få snakke med ein saksbehandlar – eller sende ein e-post og få raskt svar. Den saksbehandlaren kunden møter, sit kanskje i Tromsø eller i Ørsta, men saksbehandlaren har tilgang til alle opplysningar som kunden har bruk for – både om tilboda frå Lånekassen og om det individuelle kundeforholdet.

Få valde å binde renta i 2002

Dei første fastrenteavtalane som blei inngått i 1999, gjekk ut i 2002. Tilbakebetalarar som hadde avtale frå 1. juli 1999, fekk ein rentesats på 5,6 prosent. Denne renta var gjennom heile avtaleperioden lågare enn den flytande renta.

Den første avtaleperioden er over

Det var få av dei rundt 200 000 kundane som blei løyste frå avtalane sine 1. juli 2002, som valde å inngå ny fastrenteavtale. Dette var inga overrasking, ettersom den faste renta låg på 7,6 prosent, og den flytande renta låg under den faste på dette tidspunktet. Det var også få av dei som heile tida hadde hatt flytande rente, som gjekk over til fastrente i 2002. Ved utgangen av 2002 var det 31 500 tilbakebetalarar som hadde fastrenteavtale.

Frå 1. juli 2002 blei det mogleg å velje mellom tre og fem års bindingstid. Tidlegare var tre år einaste alternativet.

Mange innfriingar i 2002

I 2002 var det ekstra mange som innfridde låna sine før tida. Mange av desse tilhørde gruppa som gjekk ut av ein svært gunstig fastrentekontrakt, og som no hadde sjansen til å gjere seg ferdige med studielånet. I avtaleperioden var det få som betalte inn ekstrabeløp.

Utbetalingar på grunn av over- og underkurs

Ein avtale om fastrente er også ein avtale om å betale avtalte beløp over ei avtalt tid. Dersom ein tilbakebetalar vel å innfri lånet sitt eller betale inn ekstra, kan det bety gevinst eller tap for staten, alt etter kva renta på nye fastrentelån er. Tener staten på at kundane betaler ekstra, er det kunden som får denne gevinsten. Taper staten, krev Lånekassen at kunden dekkjer tapet. Dette blir kalla over- og underkurs.

216 tilbakebetalarar fekk utbetalt gevinst og dermed redusert gjelda si i Lånekassen fordi dei hadde ein fastrenteavtale og hadde betalt inn meir enn dei skulle etter planen.

62 tilbakebetalarar fekk høgare gjeld, fordi dei hadde betalt inn ekstra i ein periode der staten tapte på innbetalinga.

Fastrentetilbod i 2002

	1. jan. 2002	1. april 2002	1. juli 2002	1. okt. 2002
Rentesatsar fast rente i tre år	6,7 %	7,2 %	7,6 %	7,4 %
Rentesatsar fast rente i fem år	*)	*)	7,6 %	7,3 %
Rentesatsar flytande rente	7,8 %	7,8 %	7,4 %	7,7 %
Talet på fastrenteavtalar som blei inngått	8 143	548	11 271	6 459

*) Det var ikkje mogleg å binde renta i fem år før 1. juli 2002.



Lånekassen in brief

The State Educational Loan Fund (Norwegian: Statens lånekasse for utdanning) was founded 1 November 1947. In the first year it had 2,173 clients. As of 31 December 2002 there were approximately 700,000.

The Loan Fund in 2002

- 222,997 pupils and students were granted financial aid
- NOK 5.1 billion in scholarships were granted, and NOK 6.9 billion in loans
- 464,951 persons were repaying their loans
- The Loan Fund had a total of NOK 72.2 billion outstanding
- The Loan Fund processed 647,000 cases
- The Loan Fund received 656,000 telephone calls
- The Loan Fund had approximately 340 employees

The Loan Fund's objectives

The Loan Fund's primary objective is to work to ensure equality of opportunity in the pursuit of education or training.

Granting of loans and scholarships in the academic year 2001–2002

Financial aid for studies

In 2001–2002 the Loan Fund granted financial aid to 222,997 applicants, who received approximately NOK 12.0 billion in grants and loans. As of 31 December 2002, the Loan Fund had a total of NOK 18.2 billion outstanding in loans to students.

Students over the age limit (19) who were living at home and taking higher education were eligible for a maximum loan of NOK 47,600. Grants were not issued to students over the age of 19 who were living at home. A student over 19 years old, living away from home and taking higher education, was eligible for a total of NOK 69,500 in financial support: a grant of NOK 20,800 and a loan of NOK 48,700.

Grants

The Loan Fund disbursed about NOK 5.1 billion in grants, a small increase of 1.6 per cent compared to the previous year. The number of applicants who received grants decreased 1.9 per cent from 2000–2001 to 2001–2002.

The percentage that the grant represents of the «normal» expenses of a single student living away from home, has constituted 30 per cent the last two years (NOK 2,025 per month in 2000–2001 and NOK 2,080 per month in 2001–2002).

In 2001–2002 the grant for students below the age limit living away from home was NOK 3,385 per month, compared with NOK 3,290 per month the previous year.

Loans

New loans in 2001–2002 amounted to about NOK 6.9 billion, while the figure for 2000–2001 was approximately NOK 6.8 billion. In 2001–2002, 40.7 per cent of pupils and students received loans.

Educational aid to certain groups of clients

Financial support for studies abroad

The number of pupils and students abroad receiving aid from the Loan Fund was 15,759 in 2001–2002, an increase of 1.6 per cent compared to the previous academic year.

Of these 15,759 pupils and students who received support for studies abroad, 3,706 were studying in Australia, 3,560 in the UK, 1,918 in Denmark and 1,504 in the US. It is still considered interesting to study in the UK and Denmark, but Australia in particular has experienced a sharp rise in the number of Norwegian students. The rise amounts to a 21 per cent increase compared with last year. US have experienced a drop in the number of Norwegian pupils and students.

Mercantile and technical subjects hold a strong



position among the subject areas studied abroad. Compared to the previous year, there were an increase of 7 per cent for mercantile subjects and 6.5 per cent for technical subjects. The number of students in medical studies increased by 5 per cent compared to last year. Physiotherapy, however, experienced a drop by almost 9 per cent after several years of growth. The reason for this may be that students in physiotherapy are no longer given a tuition grant. This change of rules is probably also the reason why the number of students in media subjects only showed a modest growth.

Support for foreign citizens in Norway

The educational aid scheme covers Norwegian citizens for the most part. Foreign citizens may be granted support for studies in Norway according to special rules. Students from Eastern Europe and developing countries may be eligible for support according to a special quota programme. This programme is planned in such a way that the educational loan is remitted when the recipient moves back to his or her home country and settles there permanently.

Since 1995–1996, EU citizens have been eligible for aid from the Loan Fund if they had the status of employee in Norway. The subject of their studies had to be related to their work, and their employment normally had to have lasted for at least three months. This arrangement also applies to the family of EU citizens.

Repayment in 2002

As of 31 December 2002 there were 464,951 persons repaying loans to the Loan Fund. They had an aggregate debt of NOK 51.2 billion in loans and NOK 3.3 billion in interest.

Terms of payment in 2002

- Loans are free of interest during the study period, becoming interest-bearing from the first month following the completion of studies.
- On 1 January 1998 market interest rates were introduced. The interest rate is fixed for one quarter

at a time, and is linked to Treasury bills with a residual maturity of from 0 to 3 months.

- The floating interest rate in the first and the second quarter of 2002 was 7.8 per cent, in the third 7.4 per cent and in the fourth 7.7 per cent. Compound interest accrues on all interest debt from 1 January 1990 onwards.
- With effect from 1 July 1999, borrowers repaying loans had the possibility of fixing the interest rate for three years. The fixed rate for three years was in the first quarter of 2002, 6.7 per cent, in the second 7.2 per cent, 7.6 per cent in the third and 7.4 per cent in the fourth quarter. With effect from 1 July 2002, borrowers repaying loans had the possibility of fixing the interest rate for five years. The fixed rate for five years was in the third quarter 7.6 per cent and 7.3 per cent in the fourth quarter of 2002.
- The maximum repayment period was 20 years. The repayment period for small loans is shorter. When payment is deferred, the payment period may be extended to a maximum of 30 years.
- The period from the date when the loan becomes interest-bearing until the first due date was seven months in 2002. However, it was possible to apply for a ten-month break before commencing payments.
- Payment relief could also be granted for social or economic reasons, within specified income brackets.
- Education loans are personal debt, and could be remitted in the case of permanent disability or the death of the client.

Call-in of loans and collection

Key figures

At the end of 2002, there were 44,500 clients whose accounts were subject to collection proceedings, compared with 44,700 the previous year. 3,485 were transferred permanently to the State Agency for the Recovery of Fines, Damages and Costs (Norwegian: Statens innkrevingsentral).

The category of borrowers in question had aggregate outstanding debt at the end of 2002 of NOK 4.6 billion.



Statens lånekasse for utdanning | Postboks 195 Økern | 0510 Oslo
Telefon 22 72 67 00 | Faks 22 64 26 36 | Kassafonen 22 80 19 00 | www.lanekassen.no